



Årsrapport 2022

 Brønnøysundregistrene

Årsmelding frå leiaren	2
II. Introduksjon til verksemda og hovudtala.....	5
III. Aktivitetar og resultat for året	13
3.1 Hovudmål 1: Registerverksemda i Brønnøysundregistra skal føre til at samfunnet har tillit til at registrerte data er sikre og korrekte.	14
3.1.1. Målloppnåing hovudmål 1.....	15
3.1.2 Utviklingsaktivitetar kvalitetsarbeid.....	19
3.2 Hovudmål 2: Registerløysingane i Brønnøysundregistra skal føre til ei effektiv digital samhandling med næringslivet, frivillig sektor, offentleg sektor og privatpersonar.....	21
3.2.1. Målloppnåing hovudmål 2.....	21
3.2.2. Utviklingsaktivitetar register	28
3.2.3. Aktivitetar datadriven utvikling.....	34
3.2.4 Internasjonalt arbeid.....	39
3.2.5 Innovasjon	40
3.2.6. Berekraftig næringsliv	40
IV Styring og kontroll av verksemda	41
4.1. Overordna styring og kontroll	41
4.2. Effektiv drift	41
4.2.1 Målloppnåing effektiv drift.....	42
4.3. Internkontroll, risiko og internrevisjon	45
4.4. Ekstern revisjon	46
4.5. Offentlege anskaffingar	46
4.6. Bemannning og personalforvaltning	
4.7 Andre føringar	48
Bruk av konsulentar.....	48
Lærlingar.....	48
Oppfølging av tryggleik og beredskap.....	49
Gebyr- og avgiftsfinansiering.....	50
V. Vurdering av framtidutsikter	51
VI. Årsrekneskap.....	54
Årsrekneskap 2022 – Kommentarar frå leiinga.....	54



Beskriving av biletet: Direktør Lars Peder Brekk

Årsmelding frå leiaren

Eit år med høg fart og medvind

2022 har vore eit år med stort tempo og gode resultat. Arbeidspresset har vore høgt på mange område, med tøffe fristar og krav. Likevel opplever vi at jobbmotivasjonen og trivselen hos dei tilsette er høg. Eg vil takke alle tilsette for ein imponerande innsats og stor fleksibilitet som gjer at vi leverer på samfunnsoppdraget.

Vi må tenke, og jobbe, på nye måtar dersom vi også skal bidra til å nå berekraftsmåla i FN. Vi reviderte strategiplanen vår i 2022, og berekraft skal no vere styrande for alle avgjerdene våre. Dei nye retningslinjene våre for berekraft skal hjelpe oss i rett retning.

I 2022 har vi ikkje innfridd på alle måla om saksbehandlingstid i registera våre. For lang saksbehandlingstid i Einingsregisteret og Føretaksregisteret kan føre til økonomiske konsekvensar for brukarane, og det samfunnsøkonomiske tapet er stort. Det gjer at vi prioriterer saksbehandling enda høgare framover. Samtidig er det lypunkt – vi har auka den heilautomatiske saksbehandlinga i Lausøyreregisteret og Rekneskapsregisteret, og dermed redusert saksbehandlingstida for desse.

Heilautomatiseringa skjer gjennom det store moderniseringsløftet vi gjer med BRsys-prosjektet. Kriteria vi prioriterer etter i prosjektet, er høvesvis kostnad, kvalitet og tid. Dessverre har vi ikkje levert i samsvar med tidsplanane for prosjektet, men året blei avslutta med produksjonssetting av tenesta salspant og leasing på den nye registerplattforma. Den nye løysinga har høg kvalitet og reduserer saksbehandlingstida frå 4 døgn til 8 sekund. Vidareføringa av BRsys-prosjektet vil også ha ein positiv effekt på saksbehandlingstida for fleire register.

Digital tilgjengeleggjering forenklar og effektiviserer, og fører til at både næringsliv og offentleg sektor sparar kostnader. Årsstatistikken vår viser ein vesentleg vekst i digital tilgjengeleggjering. Med vel hundre oppslag i sekundet, er det ei fordobling frå 2021.

Det er tinglyst verdiar for 30 billionar i Lausøyreregisteret, og vi behandla over **3,1 millionar saker** hos oss i 2022. Nyten Lausøyreregisteret skapte for samfunnet i 2022 er berekna til om lag 500 milliardar kroner. Og Brønnøysundregistra betalte ut 8,1 milliardar kroner til om lag 14 000 norske bedrifter i løpet av året, i samband med kompensasjonsordningane til næringslivet som følge av koronapandemien.

Den årlege brukarundersøkinga viser at brukarane våre framleis har høg tillit til oss, og dei er godt nøgde med tenestene våre, trass i auka saksbehandlingstid. Korrekte og pålitelege data er viktig for å bevare tilliten hos brukarane våre. Brukarundersøkinga viser at både næringslivet og befolkninga elles er svært trygge på kvaliteten på dataa våre.

Økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet er svært kostbart for samfunnet. Ambisjonen vår er å vere ein naturleg samarbeidspartner i førebygginga av økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet. Dataa våre og kunnskapen vår kan bidra til å førebygge dette.

2022 var året for frivillig arbeid, og vi markerte året ved fleire høve. Målet var å løfte fram frivilligheita og kor viktig Frivilligregisteret er. Vi gler oss då over å sjå at vi har hatt ein oppgang i talet på datasett frå Frivilligregisteret. Talet på oppslag i 2022 var 9,5 millionar mot 41 000 oppslag i 2021. Det er ein markant auke og viser at registeret er eit viktig inngangskriterium for deltaking i tilskotsordningar og liknande.

Den daglege innsatsen vår skal bidra til **tillit** og **fornyng** av samfunnet. Strategien vår er å vere den føretrekte registerforvaltaren og å auke den datadrivne utviklinga. Det skal vere naturleg å peike på Brønnøysundregistera når ein skal etablere nye relevante register. Med ei ny og modernisert registerplattform kan ein hauste ytterlegare gevinstar av investeringane ein har gjort. Dataa våre har stor verdi og må omsettast til forretningsmogleigheter og meirverdi for brukarane.

Tilliten til offentleg sektor blir utfordra som aldri før. Krigen i Europa påverkar oss også. Vi står i eit skjerpa trusselbilete. Samtidig som digitaliseringa forenklar og effektiviserer samfunnet, gjer dette at vi også blir meir sårbar. Vi har i 2022 arbeidd kontinuerleg med å auke informasjonstryggleiken i systema og dataa våre, men dette har ein betydeleg kostnad – både kapasitetsmessig og økonomisk. I dette arbeidet har vi hatt ein god dialog med eigardepartementet vårt. Gjennom auka finansiering er vi blitt betre rusta til dei oppgåvane som ligg framfor oss, men her står det framleis att eit stort arbeid. I tillegg har Brønnøysundregistera tatt initiativ overfor dei andre som forvaltar nasjonale felleskomponentar. Ei betre samordning mellom offentlege aktørar vil gjere oss meir motstandsdyktige mot digitale truslar.

Vi har hatt stor utviklingsaktivitet i 2022. I tillegg til moderniseringsprosjektet BRsys, er mellom anna registeret over reelle rettshavarar klart til å settast i produksjon. Vi er involverte i arbeidet med to livshendingar, og fire privat- og offentlege samarbeid, der gjenbruk og samarbeid på tvers er avgjerande for nye tenester og auka verdiskaping.

Samarbeid om innovasjon og verdiskaping er ein viktig del av DNA-et vårt, og dette har vore sentralt også i utviklingsarbeidet i 2022. Samarbeid mellom offentlege og private aktørar har vist seg å gi stor samfunnsnytte i form av nye tenester og løysingar. Finansnæringa oppgir i aktivitetsrapporten sin for 2022 at dette samarbeidet har eit gevinstpotensial på heile 48 milliardar kroner over 10 år.

Brønnøysundregistera har fleire samfunnskritiske oppgåver, og vi står midt oppe i ei stor omstilling både økonomisk og teknologisk, med behov for ei kompetansedreiing. Skal vi lykkast, er vi avhengige av å rekruttere og behalde relevant kompetanse. Vi jobbar for at Brønnøysundregistera skal vere ein attraktiv arbeidsplass – for alle uansett alder, kjønn, legning, hudfarge, etnisitet o.a. Mangfold er ein viktig nøkkel til innovasjon, berekraft og omstilling. Livslang læring og strategisk kompetansestyring er viktige satsingsområde for oss. Sommaren 2022 hadde vi for andre året på rad ein sommarchamp for studentar, i samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og Digitale Helgeland. Nok ei vellykka satsing på unge talent som vi skal halde fram med.

Fornyinga av eiga verksemrd er avgjerande for å levere godt på samfunnsoppdraget. Då innovasjonsmiljøet vårt oppretta eit digitalt kontor for Brønnøysundregistera i Metaverset, fekk vi mykje merksemd i både inn- og utland. Vi må lære den nye teknologien og la oss utfordre av han. Leiande politikarar i Europa kjem etter inn i Metaverset, og president Macron i Frankrike har halde tale der.

Vi har mange spennande og utfordrande oppgåver som ligg framfor oss. Med ein felles innsats på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor skaper vi gode resultat. Vi er best på lagsport!

Brønnøysund, 15. mars 2023



Lars Peder Brekk

Direktør



II. Introduksjon til verksemda og hovudtala

Brønnøysundregistera er underlagde Nærings- og fiskeridepartementet. Vi har mange av dei viktigaste registera i landet, og fleire andre tenester. Vi utviklar og driftar sikre og digitale løysingar, som effektiviserer, samordnar og forenklar. Det gjer at kontakten med det offentlege blir enklare for alle.

Vi syter for orden og oversikt over opplysningars om blant anna økonomiske forhold, eigarskap og ansvar i verksemder. Det gjer at alle kan drive verksemd på ein effektiv og trygg måte. Resultatet er eit meir effektivt og produktivt samfunn.

Opplysningane frå registera våre blir nytta i offentleg, privat og frivillig sektor. Andre verksemder bygger også eigne tenester der dei bruker data frå registera våre. Dataa våre har stor verdi og kan omsettast til forretningsmogleighter og meirverdi for brukarane.

Brønnøysundregistera forvaltar 17 register på oppdrag frå ni departement:

Nærings- og fiskeridepartementet

- Einingsregisteret
- Føretaksregisteret
- Register for offentleg støtte
- Oppgåveregisteret
- Akvakulturregisteret
- Kompensasjonsordningane for næringslivet og innreisekarantene

Justis- og beredskapsdepartementet

- Konkursregisteret
- Lausøyreregisteret

Finansdepartementet

- Register over reelle rettshavarar
- Rekneskapsregisteret

Barne- og familidepartementet:

- Gjeldsordningsregisteret
- Reservasjonsregisteret
- Ektepaktregisteret
- Kontroll av medlemslister trus- og livssynssamfunn

Klima- og miljødepartementet

- EMAS-registeret (Eco-Management and Audit Scheme)

Helse- og omsorgsdepartementet

- Registeret for utøvarar av alternativ behandling

Landbruk- og matdepartementet

- Jegerregisteret

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

- Partiregisteret
- Kommunalt rapporteringsregister

Kulturdepartementet

- Frivilligregisteret

Mål og oppdrag

Samfunnsoppdraget vårt i 2022:

Brønnøysundregistra skal bidra til auka verdiskaping gjennom å vere ein nasjonal registerførar og datakjelde. Etaten skal forvalte registerdata på ein måte som gir tryggleik, orden og oversikt for næringslivet, frivillig sektor, innbyggjarane og offentleg sektor.

Nærings- og fiskeridepartementet hadde i 2022 to hovudmål for etaten:

-
1. *Registerverksemda i Brønnøysundregistra skal føre til at samfunnet har tillit til at registrerte data er sikre og korrekte.*
 2. *Registerløysingane i Brønnøysundregistra skal føre til ei effektiv digital samhandling med næringslivet, frivillig sektor, offentleg sektor og privatpersonar.*
-

I tillegg til dei faste oppgåvene som følger av samfunnsoppdraget vårt, bad Nærings- og fiskeridepartementet om at ein skulle prioritere desse områda og oppdraga:

Verksemddsstyring

Brønnøysundregistra skal arbeide vidare med å utvikle ein overordna verksemddsplan som bryt ned og operasjonaliserer tildelingsbrevet frå departementet. Planen skal synleggjere dei samla prioriteringane i etaten, og samanhengen mellom prioriteringar og strategi.

Auka informasjonstryggleik

Vi skal innarbeide Informasjonstryggleik som ein del av den heilskaplege verksemderstyringa i Brønnøysundregistera. Brønnøysundregistera skal gjennomføre tiltak for å forbetre og auke modningsnivået på systema for informasjonstryggleik.

Prosjekt ny registerplattform (BRsys)

Prosjektet skal legge til rette for brukarvennlege, sikre og automatiserte løysingar som forenklar og effektiviserer saksbehandlinga i registera. Brønnøysundregistera skal arbeide målretta for å styre og ferdigstille nye leveransar i prosjektet, i samsvar med revidert sentralt styringsdokument

Kompensasjonsordning for næringslivet og kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft

Brønnøysundregistera skal gjennomføre kontrollar for å avdekke ein eventuell overkompensasjon. I tillegg skal Brønnøysundregistera førebu ei vidareføring av ordninga for ein ytterlegare søknadsperiode, eventuelt fleire.

Register over reelle rettshavarar

Brønnøysundregistera er gitt i oppdrag å etablere eit register over reelle rettshavarar. Det er eit register over dei fysiske personane som blir rekna for å ha den endelege eigarskapen eller kontrollen over juridiske personar eller juridiske arrangement, slik som selskap.

Innkrevjinga i framtida – Rett frå start

Programmet er ei tverrsektoriell satsing som er planlagd gjennomført over fleire år, og ut ifrå eit konsept om innkrevjing som ein del av det digitale økosystemet til brukarane.

Register for offentleg støtte (ROFS)

Brønnøysundregistera skal innan 31. april 2022 legge fram ei vurdering for Nærings- og fiskeridepartementet av om dagens register er i samsvar med dei EØS-rettslege forpliktingane Noreg har, og eventuelt kva for systemendringar og tilpassingar som må gjerast for å bringe registerløysinga i samsvar med EØS-regelverket.

Heilskapleg løysing for rapportering og tilgjengeleggjering av opplysningar om aksjeeigarar

Skatteetaten og Brønnøysundregistera har gjennomført ein forstudie for ei heilskapleg løysing for opplysningar om aksjeeigarar, jf. oppdragsbrevet frå departementet av 29. juni 2020. Nærings- og fiskeridepartementet vil i 2022 arbeide vidare med ytterlegare utgreiingar rundt ei ev. løysing. Brønnøysundregistera vil bli involverte i dette arbeidet.

Vurdering av oppdrag

Brønnøysundregistera skal gjere greie for oppfølginga av oppdraga i den løpende styringsdialogen med departementet, og særskilt i etatsstyringsmøta, i tillegg til i årsrapporten for 2022.

Tilleggsoppdrag

Brønnøysundregistera har mottatt desse tillegga til tildelingsbrev og andre oppdragsbrev gjennom året:

- Tillegg til tildelingsbrev for 2022: Gjennomgang av moglege forbetringer i Registeret for offentleg støtte (ROFS), 10. februar 2022. Nærings- og fiskeridepartementet.
- Oppdragsbrev Utvikling av nytt tilskots- og støtteregister, 1. juli 2022. Nærings- og fiskeridepartementet.
- Oppdragsbrev for andre del av forprosjektet for brukarvennlege registrertenester, 16. februar 2022. Nærings- og fiskeridepartementet.

- Supplerande tildelingsbrev til oppfølging av strategien for sirkulær økonomi, 1. mars 2022. Klima- og miljødepartementet.
- Tillegg til tildelingsbrev for 2022 – Utarbeiding av høyringsnotat om forslag til forskrift for å gjennomføre digitaliseringsdirektivet i norsk rett, 20. desember 2022. Nærings- og fiskeridepartementet.

Oppdraga blir nærmere omtalte i del 3.

Vision og strategi

Visjonen vår er:

For tillit og fornying av samfunnet

Strategien i perioden er:


Brønnøysundregistera skal vere den føretrekte registerforvaltaren og skal auke den datadrivne utviklinga

Satsingsområda våre:

- Data og tenester med riktig kvalitet og god informasjonstryggleik
- Seriøsitet i samfunnet ved å førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet
- Digitalisering med ny tenesteplattform
- Samanhengande tenester med brukarane i sentrum
- Verdiskaping, innovasjon og berekraftig omstilling gjennom samarbeid i næringslivet og frivillig sektor
- Framtidig behov for rett kompetanse og kapasitet

Resultatkjede

Registerforvaltning og datadriuen utvikling heng nøye sammen. Den datadrivne utviklinga er avhengig av å nytte data frå registerforvaltninga som grunnlag for leveransar.



Samarbeid med andre

Samarbeid på tvers av frivillig, privat og offentleg sektor er avgjerande for å utvikle og drifta tenester til det beste for brukarane. I året som har gått, har vi hatt mange spennande prosjekt og aktivitetar der samarbeidet har vore avgjerande for gode resultat.

I arbeidet med å førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet har vi gjennomført fleire tiltak som har gjort oss til ein naturleg samarbeidspartner for andre. Vi har deltatt i arbeidet med digitalt økosystem for etterleving (DigØk) og samarbeidet mot svart økonomi (SMSØ).

Innan offentleg privat samarbeid (OPS) har vi bidratt og deltatt i fleire næringar. Blant anna innan landbruk, sjømat og finans. Samarbeida resulterer i betre tenester og bidrar til auka verdiskaping.

Andre sentrale område vi har samarbeidd med andre på, er innan livshendingane *Starte og drive ei bedrift* og *starte og drive ein frivillig organisasjon*, datadelingstenestene Tilda og e-Bevis.

Internasjonalt arbeid

Brønnøysundregistra har ein lang og god tradisjon med å hjelpe til i utviklinga av registerløysingar i andre land. Arbeidet bidrar til at andre land forbetrar seg innan berekraftsmåla i FN. Samtidig drar etaten nytte av denne typen innsats, som gir auka innsikt og kompetanse i rolla som den føretrekte registerføraren.

Det har vore stor interesse for registera våre det siste året, og det har blitt halde foredrag for ei rekke delegasjoner frå blant anna Namibia, Litauen, Nord-Makedonia, Kroatia, Chile, Ghana og Kenya.

Vi har også inngått samarbeid med registereiningane i Danmark og Sverige for å utveksle erfaringar om bruk av kunstig intelligens og maskinlæring.

Samarbeidsarenaene blir nærmare skildra i del III.

Organisasjon og leiing


I 2022 hadde vi 427 tilsette, inkludert mellombels tilsette, fordelte på 412 årsverk.

Vi har kontorstader i Brønnøysund, Narvik og Oslo. I tillegg blei retningslinjene våre for heimekontor og fjernarbeidsavtale evaluerte og justerte i 2022. Avtalen gjer det mogleg å vere meir fleksibel og legge betre til rette for tilsette.

Toppleiinga består av:

- Direktør: Lars Peder Brekk
- Kommunikasjonsdirektør: Kristine Aasen
- Avdelingsdirektør verksemdsstyring: Solveig Sverdrupsen
- Avdelingsdirektør registerforvaltning: Lise A. Dahl Karlsen
- Avdelingsdirektør forretningsutvikling: David Norheim
- Avdelingsdirektør informasjonsteknologi: Kjell-Arne Strøm Hansen

Organisasjonskart:



Utvalde tal

Tabellen nedanfor viser utvalde hovudtal for produksjon i verksemda dei tre siste åra.

Hovudtal	2020	2021	2022
Saksmengde, registreringar	3 104 462	3 071 666	3 163 491
Talet på digitale innsendingar	93 %	94 %	95 %
Del heilautomatisk saksbehandling	63 %	68 %	71 %
Oppslag mot digitale tenester	1 118 151 304	1 854 628 035	3 413 201 622
Saksvolum, førespurnader ein har svart på	315 898	283 151	194 815

Hovudtala viser at saksmengda til registera våre har auka med 3 prosent frå 2021 til 2022, samtidig som vi har ein auke i digitale innsendingar og heilautomatisk saksbehandling. Dette er i tråd med ambisjonen vår om 100 prosent digital registerforvaltning. Dei siste åra er det gjort stadig fleire oppslag i dei digitale tenestene våre, og dataa våre blir brukt i stort omfang. Talet på førespurnader vi har svart på, er vesentleg redusert frå 2021 til 2022, og dette er ei utvikling vi ønsker.

Tabellen nedanfor viser nøkkeltal for verksemda.

Nøkkeltal	2020	2021	2022
Talet på tilsette	423	420	427
Talet på avtalte årsverk	405	386	412
Talet på utførte årsverk	403	408	412
Samla tildeling post 01, 21, 22 og 45	559 211 000	624 427 000	677 553 000
Utnyttingsgrad post 01, 21 og 22	90,2 %	86,6 %	93,1 %
Driftskostnader	396 039 183	443 822 797	479 555 666
Lønnsdel av driftskostnader	69,8 %	65,1 %	62,0 %
Lønnskostnader per årsverk	675 960	708 394	728 424

*Avtalte årsverk: Summen av talet på heiltidsjobbar (arbeidsforhold) og deltidsjobbar rekna om til heiltidsjobbar.
Utførte årsverk: Årsverk justert for ulike former for meirarbeid (overtid, reisetid og meirtid) og fråvær.*

Talet på tilsette har auka samanlikna med 2021, noko som i hovudsak kjem av auka oppdragsportefølje, satsing på informasjonstryggleik og auka behov for drift og forvaltning av IT-system. Talet på utførte årsverk er auka som følge av høg bruk av overtid i 2022. Lønnskostnaden per årsverk er auka, noko som heng saman med ei dreiling i kompetansen til meir spesialkompetanse, særleg innan jus og IT. For å kunne halde på og rekruttere denne kompetansen er lønnsnivået heva for ein stor del av desse kritiske ressursane. Utnyttingsgraden er høgare i 2022, og årsaka er mellom anna full effekt av husleige i nytt bygg og auka kostnader til drift og forvaltning av den nye tekniske

plattforma. Noko vi kan sjå att i auka driftskostnader. Den samla tildelinga er høgare enn i 2021, noko som i hovudsak kjem av store overføringer frå 2021.



III. Aktivitetar og resultat for året

Brønnøysundregistra har hatt god måloppnåing knytt til hovudmåla som er gitt av Nærings- og fiskeridepartementet, med unntak for saksbehandlingstid i Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

I starten av året prioriterte vi kjerneoppgåver og prosjekt, og samanfatta dette i verksemndsplan 2022. Dette gjorde vi med utgangspunkt i oppgåvene som var verksemndskritiske, pålagde, og/eller vesentlege for å nå Brønnøysundregistra sine strategiske mål. I tillegg til å levere på kjerneoppgåvene var dette dei høgast prioriterte utviklingsoppgåvene i 2022:

- Kompensasjonsordningane for næringslivet
- BRsys – ny registerplattform
- Brukarvennlege registertenester
- Cybertryggleiksprogrammet
- Register over reelle rettshavarar

Etaten er i ein transformasjon frå manuell til automatisert saksbehandling. Transformasjonen resulterer i store og langvarige utviklingsoppgåver, som prosjekt BRsys. Utviklingsoppgåvene krev store interne ressursar, som igjen har gått ut over den manuelle saksbehandlinga.

Kombinasjonen av grad av automatisert saksbehandling, saksvolum og saksbehandlingskapasitet er dei tre faktorane som er premissane for saksbehandlingstida. Graden av automatisert saksbehandling blir i hovudsak påverka av leveransar frå BRsys og eit digitaliseringsvennleg regelverk. Saksvolumet av manuelle saker til Einingsregisteret og Føretaksregisteret har auka, og vi har ikkje hatt mange nok saksbeandlerar (kapasitet). Det har ført til at Brønnøysundregistra ikkje har nådd målsettingane for saksbehandlingstid i Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

Brønnøysundregistra har mange drifts- og utviklingsoppgåver. Tilgjengeleg kompetanse er ein vesentleg premissgivar for kva som kan gjennomførast. Det har ikkje vore rom for å gjennomføre alle prosjekt som planlagt i 2022. Ein måtte mellom anna utsette oppgraderinga av BRIS på grunn av ein ressurskonflikt med prosjekt BRsys. Samtidig måtte BRsys gi frå seg ressursar til Kompensasjonsordningane for næringslivet. Andre område som er nedprioriterte og dermed har redusert ambisjonsnivå er blant anna førebygging av arbeidslivskriminalitet, offentleg privat samarbeid (OPS) og innovasjon og forretningsutvikling.

Balansen mellom prioritering av utvikling, drift og forvaltning av løysingane, og saksbehandling er vurdert som god innanfor rammene til verksemda.

I 2022 er det brukt til saman 108 tusen interne timer til utvikling, og her utgjer dei høgast prioriterte prosjekta vel 70 prosent. Digital selskapsetablering har også brukt ein etter måten stor del av prosjektressursane (ca. 8 prosent). Eksterne ressursar kjem i tillegg og utgjer totalt vel 55 tusen timer. Delen interne ressursar av det samla talet på tilsette som blir nytta til prosjekt, gjekk i 2022 ned frå ca. 22 prosent til ca. 20 prosent. Det kjem av at det blei gjort ein ekstraordinær innsats i 2021 for å utvikle kompensasjonsordningane for næringslivet i samband med koronapandemien.

I dette kapittelet presenterer vi resultat fordelte på kvart hovudmål og dei resultatindikatorane departementet har fastsett. Deretter kjem det ei nærmare skildring av statusane. Til slutt presenterer vi ulike utviklingstiltak og utgreiingar som er gjennomførte i samband med dei to hovudmåla.

3.1 Hovudmål 1: Registerverksemda i Brønnøysundregistera skal føre til at samfunnet har tillit til at registrerte data er sikre og korrekte.

Brønnøysundregistera forvaltar viktige nasjonale register som er viktige for næringsliv, privatpersonar, offentleg sektor og frivillig sektor. Myndighetsutøvinga i verksemda bidrar med påliteleg og korrekt informasjon, slik at andre delar av samfunnet kan utføre oppgåvane sine, vareta rettane sine og skape nye verdiar. Det set høge krav til kvalitet, brukarvennlegheit og informasjonstryggleik for data og løysingar for å halde ved lag tilliten til leveransane.

Høg tillit i samfunnet er ei av hovudårsakene til høg velferd i dei nordiske landa. Det at vi lit på kvarandre gjer prosessane i samfunnet meir effektive, fleksible og mindre kostbare. Som ein offentleg etat er Brønnøysundregistera med på å forvalte denne verdien. I resultata frå brukarundersøkinga vår ser vi at svært mange av respondentane opplever tryggleik og har høg tillit til oss.

Tryggingssituasjonen i 2022 har gitt nasjonen nye og oss forsterka digitale truslar. Det krev kontinuerleg fokus i arbeidet med informasjonstryggleik.

Etaten arbeider godt for å halde høg kvalitet på registerdata, blant anna gjennom årlege kvalitetssikringsjobbar. Det viktigaste bidraget til betre datakvalitet er likevel at brukarane rapporterer rett informasjon første gongen. Etter kvart som brukarane får betre løysingar for innsending, er det naturleg at det vil bli færre saker som blir nekta registrerte eller må ettersende informasjon. Det vil igjen effektivisere saksbehandlinga. Det er gjennomført fleire mindre tiltak for å legge til rette for auka digitalisering, sjølv om den største utviklinga kjem gjennom prosjekt som Brukarvennlege registerenester og Digital selskapsetablering.

Det er prioritert fleire forretnings- og utviklingsressursar enn opphavleg planlagt til dei store utviklingsprosjekta. På grunn av dette har vi gjennom året vore nøydde til å nedprioritere nokon forbeting og utvikling av samordna registermelding.

Måloppnåinga for hovudmål 1 er i all hovudsak innfridd.

3.1.1. Måloppnåing hovudmål 1


Styringsparameterar i tildelingsbrevet	Mål for 2022	Resultat
Opplevd tryggleik blant brukarane – brukarundersøking	Auka opplevd tryggleik	Innfridd
Vurdering av tryggingssituasjonen og gjennomførte tryggingstiltak, mellom anna talet på tryggingshendingar og korleis ein har følgt dei opp	Ingen kritiske tryggings-hendingar	Innfridd
Vurdering av kvalitet i registerforvaltninga, inkludert talet på omgjeringar av registreringar (del av klager sende til departementet) og kor raskt oppdateringar blir gjennomførte etter at eit nytt lovverk tar til å gjelde	Like god som tidlegare år	Kvalitet: Innfridd ikraftsetting av nytt lovverk: sjå beskriving

Opplevd tryggleik blant brukarane

Brønnøysundregistera gjennomfører årleg ei brukarundersøking for å kartlegge kva slags erfaringar og inntrykk brukarane har av oss. Undersøkinga blir gjennomført av marknadsanalysebyrået Opinion som undersøking på nett, og omfattar respondentar frå både befolkning og verksemder for å sikre god representasjon. Verksemndene er delte inn i frivillig sektor, nyregistrerte enkeltpersonføretak og aksjeselskap, næringslivet generelt, profesjonelle brukarar og offentlege verksemder. Til saman har 2358 verksemder og 407 respondentar frå befolkninga svart på undersøkinga.

I 2022 gjorde ein fleire endringar i undersøkinga. Brukarkategoriane blei endra for å få eit betre bilet av samansettninga av næringslivet, og ein del av spørsmåla blei justerte for å få betre kvalitet på undersøkinga. Desse endringane gjer at samanlikninga med resultata frå tidlegare år blir noko avgrensa.


Undersøkinga viser at både næringslivet og befolkninga elles er svært trygge på kvaliteten på dataa frå Brønnøysundregistera. Den opplevde tryggleiken har det siste året auka frå 85 til 88,6 prosent. Ein opplever at dataa er lett tilgjengelege, oppdaterte og av høg kvalitet som ikkje treng å etterprøvast. Det er også stor semje om at data frå Brønnøysundregistera er nyttige for samfunnet. Dei fleste er også trygge på at vi lagrar, behandlar og vidareformidlar data på ein trygg måte.



Figuren viser opplevd tryggleik samla fordelt på fem brukargrupper.

Indikatoren for tryggleik er ei samanstilling av ni ulike spørsmål som omhandlar datakvalitet og -tryggleik.

Ein annan indikator som kan seie noko om tryggleik, er kor stor tillit brukarane har til oss. Dette er eit eige spørsmål i undersøkinga, som viser at tilliten til Brønnøysundregistera er svært høg. Blant verksemder har heile 91 prosent full eller ganske stor tillit.



Figuren viser tilliten dei ulike brukargruppene har til oss

Vurdering av tryggingssituasjonen

Brønnøysundregistera behandler sensitive data og legg til rette for trygg digital samhandling. Dette stiller strenge krav til *konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit (KIT)* på data, informasjon og tenester som verksemda forvaltar.

Det er eit vedvarande høgt trusselbilete som krev fokus i arbeidet med informasjonstryggleik og handtering av risikoar. Den tryggingsspolitiske situasjonen endra seg dramatisk i løpet av fjaråret som følge av krigen i Ukraina. Saman med at det digitale risikobiletet blir stadig meir komplekst, fører dette til at ein må handtere auka risiko, utryggleik og eit skiftande situasjonsbilete for Brønnøysundregistera.

Tryggingshendingar

Brønnøysundregistera hadde ingen kritiske tryggingshendingar i fjar. Gjennom året blei det derimot rapportert om 29 hendingar som førte til at heile eller delar av ei viktig teneste var utilgjengeleg. Årsaka var mistanke om eit tryggingshending eller eit tryggingsbrot som kan få store følger for kunden og sluttbrukaren. Hovudvekta av hendingane var utilsikta feil som til ein viss grad påverka KIT. Det var få av hendingane som påverka tilgjengelegheten i stor grad.

Vi handterte også om lag 50 tryggingssrelaterte hendingar, av desse var mesteparten mistanke om phishing. Ingen av desse hendingane gav nokon vesentlege følger for den daglege drifta av verksemda og forvaltning av tenestene, eller førte til brot på KIT.

Gjennomføring av tryggingstiltak

I året som har gått har Brønnøysundregistera vidareført arbeidet med å auke nivået på informasjonstryggleiken. Etableringa av eit cybertryggingssprogram er eit sentralt bidrag til å forbetre tryggingssituasjonen i verksemda. Vidare betrar vi både tryggleiksstyringa, basert på anerkjende standardar, operasjonalisering av informasjonstryggleiken og gjennom bruk av NSM sine Grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Hausten 2022 gjorde verksemda ei ny intern tilstandsvurdering av

den tekniske informasjonstryggleiken, som viser at nivået er aukande, og at ein i større grad etterlever krava.

Vi har gjennomført fleire tiltak innan informasjonstryggleik. Dei mest sentrale er etableringa av eit program for å vidareutvikle cybertryggleiken, som er eit sentralt fagområde innanfor informasjonstryggleik. Det er vidare gjennomført ei trusselvurdering med tilhøyrande risikoanalysar, for å sikre styring i tryggingsarbeidet. Arbeidet med å kartlegge og definere avhengigheter og verdikjeder som etaten er ein del av, er eit anna viktig perspektiv, saman med fleire tekniske sikringsmekanismar i nettverk og infrastruktur. Vi har også auka tryggleiken ved å flytte datasenter og etablere eit nytt nettverk i samband med nytt bygg.

Brønnøysundregistera har tatt i bruk eit nytt verktøy for verksemddsstyring, som vi vil bruke til å følge opp tryggingstiltak og som sikrar ei ytterlegare forbetrering i oppfølging av tiltak opp mot verksemda sitt mål.

Det er eit gap mellom den reelle modnaden og modnaden ein ønsker for informasjonstryggleiken ved Brønnøysundregistera. Arbeidet som blir gjort med cybertryggleik, kartlegging av bindingar, verdisetting av verksemda sine tenester, og bruken av tenestene våre, bidrar til å redusere dei største sårbarheitene for verksemda.

I 2023 jobbar vi vidare med ytterlegare forbetringer av tryggleiks- og verksemddsstyringa. Dette vil på sikt bidra til modnadsnivået vi ønsker i tryggingsbiletet, og vil dermed kunne gå over i ei proaktiv handling og styring.

Vurdering av kvalitet i registerforvaltninga

Data frå Brønnøysundregistera skal vere av god kvalitet, og brukarane skal kunne stole på opplysningsane og ha nytte av dei. Einingsregisteret har ei rolle som nasjonal felleskomponent og er ryggraden i Altinn når det gjeld tildeling og styring av roller og rettar. Andre delar av offentleg og privat sektor, særleg bank og finans, er avhengige av å få desse opplysningsane for å kunne utføre oppgåvene sine. Derfor er det viktig at opplysningar om for eksempel styreendringar, dagleg leiar og signatur/prokura raskt blir registrerte og ført inn i registera.

Gjennom delar av året har vi hatt høge restansar og lang saksbehandlingstid i fleire register. Oppdaterte opplysninger så nær sanntid som mogleg, gir høg kvalitet, og dess lengre saksbehandlingstid, dess lågare er kvaliteten på data som ikkje er oppdaterte. Samtidig spelar også brukarane ei vesentleg rolle i at dataa skal vere oppdaterte, vi er avhengige av at dei rapporterer inn endringar raskt for å få gode data.

Talet på omgjeringar

Brønnøysundregistera behandlar mange saker gjennom året, og alle enkeltvedtak kan påklagast. Klagesaker som ikkje blir tatt til følge, blir sende til departementet for ei endeleg avgjerd. Når ei klage blir tatt til følge, blir det tidlegare vedtaket frå Brønnøysundregistera gjort om.

For Einingsregisteret og Føretaksregisteret er Nærings- og fiskeridepartementet klageinstans. Klagene til Frivilligregisteret blir sende til Frivilligregisternemnda, som er ei sjølvstendig klagenemnd, og Skatteetaten (SI) er klageinstans for Rekneskapsregisteret.

Tabellen nedanfor viser at det er veldig få klager på vedtak som vi har gjort. 21 omgjeringar av over 1 million saker i dei nemnde registera, tyder på svært høg kvalitet i saksbehandlinga.

Register	Talet på saker behandla i 2021	Talet på klager 2021	Talet på omgjeringar 2021	Talet på saker behandla 2022	Talet på klager 2022	Talet på omgjeringar 2022
Einingsregisteret	327 851	11	1	202 725	20	6
Føretaksregisteret	381 086	26	5	382 402	26	4
Frivilligregisteret	9 581	12	2	9 905	13	1
Rekneskapsregisteret	388 773	93	2	445 845	96	10
Sum	1 107 291	142	10	1 040 877	155	21

Ikraftsetting av nytt lovverk

I 2022 var det ei regelverksendring som førte til systemtilpassingar hos Brønnøysundregistera. Regelverket knytt til kompensasjonsordninga for næringslivet, dekning av faste uunngåelege kostnader og kompensasjon for tapt varelager, er endra fleire gonger med siste endring i januar 2022. Før regelverksendringane tok til å gjelde gjennomførte ein nødvendig systemutvikling og tilgjengeleggjering av løysinga for næringslivet.

Alle digitale tenester som eksisterte før 2014, skulle ha vore universelt utforma innan utgangen av 2020. Deretter skulle alle nye digitale tenester utforma etter 2014, ha vore universelt utforma. Regelverket er nyleg ytterlegare forsterka til å innehalde fleire krav. Oppfyllinga av krav til brukskvalitet og etterlevinga av krav frå regelverk er noko forbetra i 2022; her har vi gjort eit løft på ein mindre del av tenestene. Ingen av tenestene og løysingane som blir forvalta av Brønnøysundregistera, oppfyller lova. Vi har gjennomført ei kartlegging og prioritering av alle tenestene for å imøtekommje lovkravet. Målet er å erstatte fleire av dei gamle løysingane med heilt nye gjennom prosjektet Brukarvennlege registerstenester.

Delen innkomne meldingar som blir nekta eller blir sett på vent

Når ei melding til Brønnøysundregistera ikkje kan godkjennast, blir ho enten nekta registrert, eller sett på vent mens vi spør etter opplysningar/dokumentasjon. Det er ulike årsaker til at ei melding ikkje kan godkjennast og derfor blir nekta registrert. Det kan vere at opplysningane ein har sendt inn, ikkje tilfredsstiller krava i den gjeldande saka, eller at opplysningane ikkje stemmer overeins med det som er meldt inn i skjema. Ei melding som er sett på vent, kan i ettertid bli nekta registrert dersom det ikkje blir ettersendt manglande dokumentasjon innan fristen.

Tabellen nedanfor viser prosentdelen meldingar som blei nekta registrert i 2022.

Register	Talet på meldingar som blei nekta registrert
Einingsregisteret	10,5 %
Føretaksregisteret	5,7 %
Rekneskapsregisteret	3,4 %
Lausøyreregisteret	2 %

Vi ønsker at brukarane våre skal finne, forstå og få til første gongen dei sender inn. Det er fleire tiltak som støttar dette. Mellom anna å lage gode rettleiingar på nettsidene våre. Ved digitale innsendingar og bruk av strukturert informasjon, har vi også i større grad forkontollar før ei melding kan sendast inn. Dette ser vi mellom anna ved at det er færre nektingar i Rekneskapsregisteret. I perioden 2010–2022 er delen nektingar i Rekneskapsregisteret redusert frå 10,5 prosent til 3,4 prosent av mottatte årsrekneskap. Årsaka er i stor grad aukande heilautomatisk saksbehandling, og at meldinga blir kontrollert før innsending. I register der meldingane i stor grad blir sende inn av profesjonelle brukarar, har vi som oftast færre nektingar.

I Einingsregisteret og Føretaksregisteret spør vi etter manglante dokumentasjon der det er mogleg. Då blir ikkje saka nekta, men sett på vent. I 2022 var delen ventesaker til desse registera 15 prosent av totalt innsende meldingar.

3.1.2 Utviklingsaktivitetar kvalitetsarbeid

Tilliten til Brønnøysundregistera er avhengig av høg tryggleik og god kvalitet i alle ledd for å sikre at ein varetar datakvaliteten ut til brukarane. Kvalitetsaspektet ligg til grunn for alt av utviklingsaktivitetar, endringar og forbeteringar i løysingane våre.

Nedanfor følger ei skildring av ulike utviklingsaktivitetar som skal bidra til å auke kvaliteten i registerforvaltninga.

Registerkvalitet

I samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB) og Skatteetaten utfører Brønnøysundregistera kvart år ein gjennomgang av enkeltpersonføretak som ikkje lenger driv næringsverksemd. Verksemduene blir kontakta og bedne om å dokumentere at dei driv næringsverksemd. 8081 enkeltpersonføretak blei sletta frå Einings- og Føretaksregisteret på grunnlag av denne kontrollen. Tiltaket bidrar til å auke datakvaliteten, slik at brukarane våre skal føle seg trygge på at informasjonen i registera er påliteleg og korrekt. I tillegg frigjer Brønnøysundregistera ressursar som ein elles måtte bruke til å halde ved like, endre og oppdatere ei mengde føretak som ikkje lenger har registreringsrett i registeret.

Føretaksregisteret følger kvart år opp ansvarlege selskap som for minst to år sidan har registrert at dei er under avvikling, men ikkje har fullført avviklinga ved å sende inn melding om sletting.

Oppfølginga fører for det meste til at desse selskapa blir sletta administrativt. I fjor gjaldt dette 485 ansvarlege selskap.

I samarbeid med Stiftelsesregisteret har vi kvalitetssikra opplysningane om grunnkapital på stiftelsar, og har oppdatert desse opplysningane i Einingsregisteret. Opplysinga om grunnkapital blir automatisk overført mellom Stiftelsesregisteret og Einingsregisteret, men dette var eldre stiftelsar som vi ikkje hadde data om.

Oppfølging av kvalitetskontroll frå SSB

Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennomfører årleg ein kvalitetsrapport på eit utval av registera våre, for å sikre god kvalitet på dataa, og for å kunne foresla endringar og forbeteringar. Vi har løpende dialog med SSB for å diskutere endringar og forbeteringar.

På grunnlag av kvalitetsrapporten i 2021 prioriterte Einingsregisteret å gjennomføre ei kartlegging i 2022 av rolleinnehavarar som fråtrer, slettar rollene sine eller døyr. I tillegg korleis vi sikrar at verksemduene melder inn nye rolleinnehavarar. Vi har mange automatiserte rutinar kring dette, og har no innført nokre manuelle oppfølgingsrutinar for å syte for best mogleg kvalitet på desse dataa. Dette sikrar også kvalitet når vi konverterer til ny registerplattform. Den nye registerplattforma vil i enda større grad gjere det mogleg for oss til å ha innebygde kvalitetskontrollar og oppfølgingsrutinar.

Forbetringar i Samordna registermelding

I skjemaet for enkeltpersonføretak er det lagt til nye kontrollar, slik at brukarane kan korrigere feil før dei sender inn, og slepp å få saka i retur. Det vil også legge til rette for meir maskinell saksbehandling når saksbehandlinga kjem over på den nye registerplattforma.

I 2022 starta arbeidet med å flytte-informasjon frå brev og PDF-ar over til nettsida vår, brreg.no. Informasjonsskriv (PDF) knytt til godkjentvedtak på nyregistreringar er no erstatta av oppdatert informasjon på nett som er tilgjengeleg for alle.,

Brukskvalitet

Brønnøysundregistera har prioritert majoriteten av ressursane innan brukskvalitet, UX og design til arbeidet med dei store utviklingsprosjekta.

I løpet av året har vi i tillegg lansert eit nasjonalt e-læringskurs i universell utforming for utviklarar og testleiarar. Dette har bidratt til auka nasjonal kunnskap og forståing for universell utforming. Statleg forum for brukskvalitet blir arrangert to gonger i året, og hausten 2022 var Brønnøysundregistera arrangør. Forumet samlar mange av aktørane innanfor fagfeltet brukskvalitet i statleg sektor og bidrar til deling og læring.

Vi har også klargjort ei tilgjengeleitserklæring for tenestene våre som beskriv kva for krav i regelverket som ikkje blir etterlevde og kva for følger det har for brukarane. Målet er å erstatte fleire av dei gamle løysingane med heilt nye gjennom satsingar som prosjektet Brukarvennlege registertenester.

For å effektivisere prosjektmetodikken vår er det utarbeidd retningslinjer for brukartesting. Dei inneber mellom anna at brukartesting skal utførast gjennom heile utviklingsløpet, både i prosjekt og i anna utvikling. På denne måten kan vi identifisere behov for endringar tidleg, og korrigere fortløpende i løpet av utviklinga. Dette bidrar igjen til eit meir brukarvennleg sluttprodukt.

Den nye språklova krev at offentlege etatar skriv eit klart og korrekt språk. Vi har utarbeidd ein ny språkprofil, med retningslinjer og prinsipp for korleis vi skal bruke eit klart språk i dialog med alle interessentane våre. Ein effekt av dette er at brukarane sparer tid fordi dei lettare forstår kva dei skal gjere, og dermed slepp å ta kontakt med oss for spørsmål og avklaringar. Dette fører igjen til at vi sparer ressursar som vi kan bruke til andre oppgåver.

I Samordna registermelding, som er den største digitale innrapporteringstenesta Brønnøysundregistera forvaltar, har det dei siste åra vore gjort mykje for å forbetre brukskvaliteten innanfor dei rammene som har vore moglege. Samordna registermelding er no også tilgjengeleg på nynorsk. Dette er ei endring som både Språkrådet og Noregs mållag har spurt etter lenge, og vi oppfyller dermed kravet om at tenesta skal vere på begge målformer.

Forbetring av nettsider

Brreg.no er hovudkanalen der brukarane våre skal få gjennomført oppgåvene sine. Vi opprettheld også oversikt og openheit for samfunnet gjennom dei digitale tenestene våre. Målet er at det skal vere enkelt for alle brukarar å gjennomføre oppgåvene sine og få oversikt over dataa våre. Det skal også vere lett for media, potensielle arbeidstakrarar og andre å bli kjende med organisasjonen vår og forstå samfunnsoppdraget vårt.

Vi har eit sterkt ønske på å lage brukarvennlege digitale flater gjennom tett kontakt med brukarane våre. I 2022 har vi gjennomført innsiktsarbeid med fokusgrupper, brukartesting og brukarinvolvering med blinde brukarar. Dette har gitt verdifull kompetanse til utviklingsarbeidet med nye løysingar. Samtidig har det vist oss kor viktig det er at brukarane blir involverte kontinuerleg, for å sikre gode digitale tenester og hindre digitalt utanforskap. Det er også gjennomført tiltak for å sikre personvernet for brukarane av nettsidene ytterlegare.

3.2 Hovudmål 2: Registerløysingane i Brønnøysundregistera skal føre til ei effektiv digital samhandling med næringslivet, frivillig sektor, offentleg sektor og privatpersonar.

Effektiv samhandling i samfunnet oppnår ein i første omgang gjennom sikre og korrekte data. Strategien til Brønnøysundregistera er å vere den føretrekte registerføraren og auke datadriven utvikling. Dette støttar opp om hovudmål 2 – effektiv digital samhandling. I 2022 har vi gjennomført fleire utviklingsaktivitetar innan både registerforvaltning og datadriven utvikling.

Innan registerforvaltninga er det gjennomført, og det går føre seg, fleire tiltak for å gjere samhandlinga meir effektiv. Mellom anna med utviklinga av ny registerplattform i prosjektet BRsys og prosjektet Brukarvennlege registertenester. Desse tiltaka vil bidra til at Brønnøysundregistera oppnår ambisjonen om 100 prosent digital registerforvaltning.

Samtidig som arbeidet med å erstatte, fornye og automatisere eksisterande registertenester går føre seg, må Brønnøysundregistera drifte, forvalte og halde ved like to registerplattformer. Dei omtaler vi som gammal og ny tenesteplattform. Med to plattformer er det ein krevjande balansegang mellom å prioritere moderniseringa og å vareta gode og sikre leveransar på eksisterande løysingar.

Ekstraordinære oppgåver knytte til Kompensasjonsordningane for næringslivet, har bidratt til at BRsys-prosjektet har blitt forseinka. Samtidig har vi levert godt på mange område, mellom anna er Register for reelle rettshavarar fase 1 gjennomført.

Innan datadriven utvikling er det i 2022 satsa vidare på livshendingar og datadelingstenester, og arbeidet med offentleg privat samarbeid (OPS) er vidareført. Samtidig har vi, på bestilling frå NFD, levert ei oversikt over forenklingstiltak og kva nytte det vil gi for næringslivet.

I 2022 har Brønnøysundregistera inngått samarbeid med registereiningane i Danmark og Sverige for å utveksle erfaringar om bruk av kunstig intelligens og maskinlæring, for mellom anna å kunne effektivisere saksbehandlingsprosessar. I tillegg har Brønnøysundregistera halde fram det internasjonale arbeidet med å støtte utvikling i andre land, og i fleire nordiske samarbeidsprosjekt.

Målloppnåinga for hovudmål 2 er noko lågare enn for hovudmål 1. Saksbehandlingstida har vore utanfor måla til etaten, og den opplevde effektiviteten har ifølgje brukarundersøkinga gått noko ned. Elles er måloppnåinga god.

3.2.1. Målloppnåing hovudmål 2


Resultatmåla innan hovudmål 2 er i 2022 delvis innfridd.

Styringsparameterar	Mål for 2022	Resultat
Opplevd effektivitet i tenestene til Brønnøysundregistera	Betre eller same nivå som 2021	Delvis innfridd
Estimert tidsbruk for eit utval av skjemaløysingane i Brønnøysundregistera	Forbetringar samanlikna med 2021	Same som 2021
Oppetid for registera sett under eitt	99,8 %	99,94 %
Delen digitale løysingar for høvesvis innrapportering, saksbehandling og tilgjengeleggjering	Ein auke frå 2021	Innfridd

Styringsparameterar	Mål for 2022	Resultat
Grad av automatisert saksbehandling	Innanfor måltal	Innfridd
Vurdering av saksbehandlingstid i register som har særleg mykje å seie for måloppnåinga	Innanfor måltal	Ikkje innfridd
Bruk av opne data frå registera blant private og offentlege aktørar	Større del	Delvis innfridd

Opplevd effektivitet i tenestene til Brønnøysundregistera

Opplevd effektivitet blir målt gjennom den årlege brukarundersøkinga. I 2022 gjorde ein fleire endringar i undersøkinga. Brukarkategoriane blei endra for å få eit betre bilet av samansetninga av næringslivet, og ein del av spørsmåla blei justerte for å få betre kvalitet på undersøkinga. Desse endringane gjer at samanlikninga med resultata frå tidlegare år blir noko avgrensa. På eit overordna plan er funna likevel relativt stabile og moglege å kjenne igjen. Opplevd effektivitet måler vi ut ifrå ei samanstilling av spørsmåla i figuren nedanfor.



Figuren viser kor mange som er heilt samde /ganske samde i påstandane om effektivitet. Tala er i prosent.

Dei fleste av brukarane synest det er enkelt å bruke tenestene på brreg.no, at dei er brukarvennlege og at det er lett å forstå kva informasjon vi treng frå verksemda. 73 prosent av næringslivet meiner opplysningar frå Brønnøysundregistera er nyttig for verksemda. Om lag halvparten svarer at verksemda bruker data frå Brønnøysundregistera i samhandlinga med andre, og at dataa og tenestene våre bidrar til at verksemda sparar tid når dei samhandlar med andre aktørar – dette reknar vi for å vere eit godt resultat. Dei profesjonelle brukarane er gjennomgåande meir nøgde enn resten av utvalet.

Andre resultat frå undersøkinga viser at 67 prosent synest det er enkelt å fylle ut og sende inn Samordna registermelding. Dette er ein nedgang frå 2021 på om lag 6 prosent. Ein liten del synest utfyllinga er vanskeleg, og då er årsaka ofte at det er utfordrande å forstå kva slags informasjon vi treng frå verksemda.

22 prosent av verksemndene er heilt eller ganske samde i at verksemda bruker for mykje tid og ressursar på innrapportering til Brønnøysundregistera, i motsetning til 17 prosent i 2021. Det er i liten grad gjort endringar i sjølve løysinga som kan forklare denne utviklinga, så her kan det vere

utanforliggande faktorar som påverkar nedgangen. Ein faktor kan for eksempel vere høgare forventningar frå brukarane.

Estimert tidsbruk for eit utval av skjemaløysingane i Brønnøysundregistra

I tabellen nedanfor presenterer vi dei mest brukte skjema og forventa tidsbruk for å fylle dei ut. Tala er henta frå Oppgåveregisteret, som kartlegg den samla oppgåvebyrda ulike delar av næringslivet har, knytt til offentleg sektor.

Skjema nr.	Skjemanamn	Tidsbruk papir	Tidsbruk elektronisk	Innsendingar per år	På papir
BR-1010	Samordna registermelding Del 1 – Hovudblankett	33	23	542 000	5 %
BR-1025	Forenkla registermelding Del 1 – Blankett for enkeltpersonføretak	16	11	101 000	2 %
BR-1080	Samordna registermelding Del 1 – Blankett for norskregistrert utanlandsk føretak	54	34	7 650	42 %
RR-0002	Årsrekneskap	-	135	397 500	0 %

Tidsbruk er oppgitt i talet på minutt. Tala viser at innsendaren bruker mindre tid på å bruke elektroniske løysingar samanlikna med manuell innsending. Deles som nyttar elektronisk innsending, har vore aukande dei siste åra. Fleirtalet av norskregistrerte utanlandske føretak nyttar papirskjema. Årsaka er at mange må søke om d-nummer samtidig med registreringa, og det finst det ikkje noka digital løysing for. Grunnlaget for berekninga av tidsbruk inkluderer både forarbeid, klargjering og sjølv innsendinga av skjema.

Tidsbruken per skjema er den same som for 2021. Det er først når prosjektet Brukarvennlege registertenester blir realisert at tidsbruken per innsending vil gå vesentleg ned.

Oppetid på registera sett under eitt

Tabellen nedanfor viser oppetida i systema våre for Lausøyreregisteret, Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

Register	2022	Mål for 2022
Oppetid Einingsregisteret	99,94 %	99,8 %
Oppetid Lausøyreregisteret	99,94 %	99,8 %
Oppetid Føretaksregisteret	99,94 %	99,8 %

2022 har vore prega av svært stabil drift, utan større hendingar som har påverka tilgjengelegheta til nokon av registersistema.

Del digitale løysingar og grad av automatisert saksbehandling

Føretaksregisteret	2020	2021	2022	Mål for 2022
Volum	380 615	381 086	386 088	
Del elektronisk innkomst	95 %	96 %	96 %	97 %
Del heilautomatisk saksbehandling	27 %	28 %	29 %	27 %
Einingsregisteret	2020	2021	2022	Mål for 2022
Volum	207 213	199 932	206 916	
Del elektronisk innkomst	93 %	95 %	95 %	96 %
Del heilautomatisk saksbehandling	23 %	23 %	22 %	24 %
Lausøyrerregisteret	2020	2021	2022	Mål for 2022
Volum	693 050	746 290	752 694	
Del elektronisk innkomst	77 %	82 %	84 %	83 %
Del heilautomatisk saksbehandling	74 %	78 %	81 %	78 %
Rekneskapsregisteret årsrekneskap	2020	2021	2022	Mål for 2022
Volum	383 008	388 773	416 225	
Del elektronisk innkomst	99,8 %	99,8 %	99,96 %	100 %
Del heilautomatisk saksbehandling	8 %	44 %	54 %	45 %

Talet på saker har auka frå 2021 til 2022 for alle dei største registera våre. I Føretaksregisteret fekk vi inn 1 prosent fleire saker samanlikna med 2021, mens i Einingsregisteret er auken på 3 prosent. Dette kjem nok av mindre aktivitet i samfunnet og lågare innkomst i 2021. Innkomsten til Rekneskapsregisteret auka med 7 prosent frå året før. Dette kjem truleg av den store auken i talet på aksjeselskap i 2021.

I Rekneskapsregisteret har også delen av heilautomatisk behandla årsrekneskap auka med 10 prosent frå året før. Årsaka er mellom anna at Brønnøysundregistera frå 1. mai 2021 stilte krav til alle systemleverandørane om å legge til rette for at årsrekneskap også skulle ha notane i eit maskinlesbart format. Fjoråret var det første året der dette hadde full effekt. Den interne gevinsten knytt til heilautomatisering av årsrekneskap er berekna til ca. 2 årsverk i 2022. Gevisten tar ein mellom anna ut gjennom redusert bruk av ferievikarar på Rekneskapsregisteret. For brukarane vil også heilautomatisk saksbehandling ha stor verdi, då kontrollen i stor grad skjer før innsending, og brukarane unngår at saka blir nekta. Raskare saksbehandling og tilgjengeleggjering av rekneskapsdata har også ein verdi for brukarane, som får raskare tilgang til oppdaterte tal.

Volumveksten til Lausøyreregistret har vore høg dei siste åra, men auken har gått noko ned frå 2021 til 2022. Den avtakande veksten kan vere teikn på ein moderat nedgang i økonomien. Auken i heilautomatisk saksbehandling i Lausøyreregisteret har bidratt til at interne ressursar i større grad har kunna bidra i anna saksbehandling, og har dempa effekten av at fleire tilsette har gått av ved naturleg avgang.

Fleire rettsstiftsesstypar i Lausøyreregisteret er no etablerte på ny registerplattform. Digital tinglysing på den nye registerplattforma reduserer saksbehandlingstida for digitalt innsende meldingar frå 4 døgn til 8 sekund. Dermed får bankane raskt svar og kan betale ut lån på dagen. Dei interne gevinstane ser vi først i 2023.

Det er no om lag 140 bankar/finansinstitusjonar som er integrerte mot løysinga for digital tinglysing. I fjor var 84 prosent av tinglysingane elektroniske, noko som er ein auke på 2 prosent samanlikna med 2021. Arbeidet med å auke den digitale innkomsten blir gjennomført i takt med utviklinga av ny registerplattform. Digital tinglysing forenklar og effektiviserer, gir betre kvalitet på tinglysingsdataa, og fører til at både næringsliv og offentleg sektor sparer kostnader.

Saksbehandlingstid

I 2022 var vi innanfor mål på saksbehandlingstid i Lausøyreregisteret og Rekneskapsregisteret. Grunnen til dette er i stor grad ei aukande heilautomatisk saksbehandling i desse registera. Auka saksbehandlingstid i Einingsregisteret og Føretaksregisteret kjem av lågare kapasitet til saksbehandling grunna naturleg avgang og behov for fleire forretningsressursar i dei store utviklingsprosjekta. I tillegg har vi brukt tid til å bygge opp kompetanse som gir større fleksibilitet blant dei tilsette. Høgt sjukefråvær i første halvår har også påverka saksbehandlinga. Ved inngangen av 2022 hadde vi over 22 000 manuelle saker i restanse, og talet var det same ved utgangen av året.

Tabellen nedanfor viser talet på dagar saksbehandlingstid i gjennomsnitt for manuelt behandla saker i dei fire største registera våre.

Register	2020	2021	2022	Mål for 2022
Føretaksregisteret	5,2	9,2	10,5	6
Einingsregisteret	5,8	9,5	12,3	6
Lausøyreregisteret	3,7	4,5	4	4
Rekneskapsregisteret	3,3	7,5	5,3	6

Saksbehandlingstida er naturleg noko høgare når vi berre ser på dei manuelt behandla sakene. Tabellen nedanfor viser talet på dagar saksbehandlingstid i gjennomsnitt i dei fire største registera, eit snitt av manuelt- og heilautomatisk behandla saker.

Register	2022	Mål for 2022
Føretaksregisteret	7,5	6
Einingsregisteret	9,5	6
Lausøyreregisteret	4	4
Rekneskapsregisteret	3	6

Lang saksbehandlingstid har ofte ein stor økonomisk konsekvens for brukaren, og det samfunnsøkonomiske tapet er stort. Årlege samfunnsøkonomiske konsekvensar er berekna til å vere høvesvis 15 millionar og 11 millionar ved éin dag lengre saksbehandlingstid i høvesvis Lausøyreregisteret og Føretaksregisteret. I 2023 skal Brønnøysundregistera ha auka fokus på å få ned saksbehandlingstida. Vi tar eit ekstra krafttak i første halvår for å redusere restansen, og ved å tilsette fleire fast tilsette for å erstatte naturleg avgang.

Digital rettleiing

Vi arbeider mot at digitale tenester og rettleiing skal avløyse manuelle. Vi ønsker at brukaren i større grad sjølv skal finne, forstå og få til på nettsidene våre, i brev og i løysingane våre.

Brønnøysundregistera har derfor eit større sokelys på klart språk og brukartesting. I den manuelle rettleiinga viser ein i større grad til brreg.no.


I 2022 svarte Brønnøysundregistera på 195 000 manuelle førespurnader på telefon og e-post, mot 283 000 i 2021, ein nedgang på 31 prosent. Dette har frigjort ca. 2 årsverk til andre oppgåver.

Vi har innført kortare opningstid på telefon, og lengre svartid på e-post, samtidig som vi svarer på fleire førespurnader ved første kontaktpunkt. Det at vi svarer på færre førespurnader manuelt kan også vere ein indikasjon på at brukarane i større grad finn og forstår informasjonen digitalt.

Bruk av opne data frå registera blant private og offentlege aktørar


Brønnøysundregistera har mange ulike tenester for tilgjengeleggjering, med ulik funksjonalitet og teknologi. Strategien framover er å utvikle meir einsarta tenester i tråd med behova til brukarane og framtidige trendar. Ei brukarundersøking som nyleg blei gjennomført i samband med at vi utarbeidde ein strategi for tilgjengeleggjering, har gitt oss ny innsikt for tilrettelegging av datagrunnlag til bruk i maskinlæring og dei auka krava finanssektoren opplever knytt til anti-kvitvasking.

Talet på oppslag mot Einingsregisteret har auka med over 50 prosent frå 2021 til 2022. Det er verdt å merke seg at tilgjengeleggjeringstenestene i Einingsregisteret også inkluderer data frå Føretaksregisteret og Frivilligregisteret. Lanseringa av eit API med rolleopplysningar i juni 2021 er truleg hovudårsaka til den eksplosive auken.



Figur: Utviklinga i talet på oppslag mot Einingsregisteret fordelt på tenestene i perioden 2013–2022.


Det er fem ulike tenester for oppslag i Einingsregisteret, og talet på oppslag i 2022 fordelt på desse tenestene ser vi i figuren nedanfor. Brukarane nyttar hovudsakleg desse dataa i kombinasjon med andre data til analyseføremål eller kontrollar.



Figuren viser talet på oppslag i Einingsregisteret i 2022 fordelt på 5 tenester.

Det er auka vekst i bruken av data frå Einingsregisteret via alle Brønnøysundregistera sine distribusjonskanalar, mens det har vore ein nedgang via Datahotellet til Digitaliseringsdirektoratet. Vi trur at fleire har valt å nytte tenesta på data.brreg.no, då API-et med rolleopplysningar ikkje er gjort tilgjengeleg i Datahotellet.

API-a med Signatur og prokura, som blei utvikla i 2019, har hatt nesten ei dobling av trafikken frå 2021 til 2022. Utviklinga er illustrert i figuren nedanfor.



Figuren viser oppslag via API-a med Signatur og prokura i perioden 2019 til 2022.

Vi opplever at Web Services-løysinga frå 2005 framleis er svært nyttig for offentleg forvaltning og nokre store private aktørar der auka bruk hovudsakleg er knytt til skjemaløysingar og integrerte samhandlingstenester. Vi har ca. 120 aktive brukarar, som er det same talet som i 2021. Vi ønsker at brukarane skal gå over på dei nye, moderne API-a, men fram til vi får eit API med fødselsnummer på rolleopplysningar, trur vi at trafikken vil ligge på det same nivået.

I 2022 ser vi ein oppgang i trafikken mot datasettet frå Frivilligregisteret i Datahotellet. Talet på oppslag i 2022 var 9,5 millionar mot 40 tusen oppslag i 2021. Denne markante auken viser at registeret i stadig større grad blir nytta som inngangskriterium for deltaking i tilskotsordningar o.l.

Brønnøysundregistra har eit API med nokre utvalde nøkkeltal frå Reknesaksregisteret, som blei utvikla i 2017. Etter den tid har vi gjort nokre tekniske omleggingar og opna opp for meir bruk. Dette har ført til auka trafikk, og det samla talet på oppslag i 2022 var 79 millionar mot 5,7 millionar oppslag i 2021.

Brønnøysundregistra har avtale med fleire private distributørar og kredittopplysningsføretak som får daglege oppdateringar frå dei ulike registera. Desse oppdateringane blir nytta til å halde kunden sitt eige register ajour. Kredittopplysningsføretaka aukar verdien av desse dataa ved å tilføre data frå andre private og offentlege aktørar. Det gir eit godt grunnlag for å kredittvurdere verksemder. Talet på avtalepartnarar har halde seg på eit jamt nivå i lengre tid, i tillegg har vi nokre enkeltbestillingar av data.

3.2.2. Utviklingsaktivitetar register

Vi har arbeidd med fleire prosjekt innanfor registerforvaltning i 2022, og dei fleste blir vidareførte i 2023. Dei største prosjekta er BRsys, prosjekt Brukarvennlege registertenester (BVR) og register over reelle rettshavarar. Kompensasjonsordningane for næringslivet har hatt høgast prioritet.

Store prosjekt og avgrensa kapasitet gjer at vidareutviklinga av løysinga for elektronisk stiftelse er sett på vent. Utsettinga er også gjort for å kunne sjå løysinga i samanheng med mellom anna retablering av tenester på Altinn 3.0 og nye tenester i prosjekt BVR. Det same gjeld for «Fremtidens Boside».

Nedanfor følger ei skildring av utviklingsaktivitetane som skal bidra til å auke effektiviteten i registerforvaltninga.

Kompensasjonsordningar for næringslivet

I 2020 fekk Brønnøysundregistra ansvaret for å utvikle og forvalte kompensasjonsordningane for næringslivet. Ansvaret for ordningane omfattar mellom anna rettleiing, behandling av søknader, utbetaling og klagebehandling. Dei aller fleste søknadene er behandla heilautomatisk, noko som har gjort løysinga svært effektiv og sikra rask utbetaling. I samsvar med dei nye reglane om avgrensing av utbytte og tilbakebetalingsplikt ved overskot, utvikla vi eit system for etterkontroll for å fange opp tilfelle der utbetalte tilskot skal betalast tilbake.

Dei to siste tilskotsperiodane for føretak med stort omsetningsfall var januar og februar 2022, med søknadsfristar høvesvis 25. april og 15. mai 2022. For desse periodane er det mottatt 2 496 søknader, og det er utbetalat tilskot på totalt 225 394 522 kroner for periodane.

Brønnøysundregistra utfører også kvalitetskontroll av utbetalat tilskot. Dette gjer ein ved å plukke ut søknader basert på risiko. Totalt i 2022 er om lag 160 søknader kontrollert. Resultatet av kontrollen dannar grunnlaget for eit eventuelt omgjeringsvedtak og vidare oppfølging.

BRsys-prosjektet

Prosjekt BRsys har utvikla ei ny registerplattform som skal nyttast til å realisere dei ulike registertenestene. Plattforma legg til rette for sikre og automatiserte løysingar som forenklar og effektiviserer saksbehandlinga i registera. Prosjektet styrer vi no ut ifrå eit revidert styringsdokument som tok til å gjelde i mai 2021. Det har vore nødvendig å arbeide vidare med kompensasjonsordningane for næringslivet også i 2022, og dette har hatt konsekvensar for framdrifta og kostnadseffektiviteten i prosjektet.

Investeringskostnadene til prosjektet var på 103,9 MNOK i 2022. Samanstilt med løyvinga på 177,3 MNOK, gir dette ei mindreutgift på 73,4 MNOK som blir overført til 2023. Mindreforbruket kjem av lågare timeforbruk enn planlagt, mellom anna på grunn av prioriteringa av arbeidet med kompensasjonsordninga for næringslivet. I tillegg har det vore betydeleg mindreforbruk knytt til maskinvare og lisensar, som kjem av at kostnadene er overførte til drift.

Ved utgangen av 2022 er prosjektet i ferd med å levere den andre av tre hovudleveransar, og vidarefører planen sin om å fullføre prosjektet i tråd med revidert styringsdokument. Prosjektet har styrkt økonomien i 2022, og har fullt søkelys på å hente inn forseinkingane som har oppstått det siste året. Det overordna BRsys-prosjektet er delt i hovudleveransar som blir styrde som eigne prosjekt med separate kostnadsrammer:

Hovudleveranse 1

Leveransen har som formål å fornye og modernisere Lausøyreregisteret og Ektepaktregisteret, og legge til rette for at Brønnøysundregistera når ambisjonen sin om 100 prosent digital registerforvaltning. I Lausøyreregisteret er det allereie mykje som kjem inn digitalt, så der er gevinstpotensialet knytt til raskare saksbehandling. Når registeret er ferdig utvikla, blir redusert saksbehandlingstid ein viktig samfunnsgevinst. Optimalt sett blir saksbehandlingstida redusert frå ca. 4 dagar til ca. 8–10 sekund om saka er send inn digitalt. Lausøyreregisteret er prioritert opp i prosjektporføljen, og har hatt ei rekke leveransar i 2022. Registeret var planlagt ferdigstilt ved utgangen av året, men er forseinka og vil bli fullført i første tertial 2023. Ved utgangen av 2022 var 86 prosent av transaksjonsvolumet for Lausøyreregisteret overført til dei nye løysingane.

Til grunn for denne moderniseringa ligg hovudleveranse 2 som er registerplattforma.

Hovudleveranse 2

Leveransen omfattar ei ny felles plattform for alle registera som Brønnøysundregistera har ansvaret for, denne blir omtalt som vår registerplattform. Per desember 2022 er registerplattforma tatt i bruk for Kompensasjonsordninga for næringslivet, Kompensasjonsordninga for innreisekarantene, Kompensasjonsordninga for tapt varelager, Elektronisk rekvirering av d-nummer, Lausøyreregisteret (HL1) og for Register over reelle rettar (RRH). I tillegg er prosjektet i gang med å bygge tenester for Einingsregisteret, Føretaksregisteret, Frivilligregisteret og Partiregisteret (hovudleveranse 3) på registerplattforma.

Registerplattforma har no vore i operativ drift i to år, ho har bidratt til å forbetra informasjonstryggleiken og har vist at ho har ein god produktkvalitet. Plattforma er stabil og verkar godt, både for registerliknande tenester som elektronisk d-nummerrekvirering og kompensasjonsordningane, og for komplette registertenester som Lausøyreregisteret.

Hovudleveranse 3

Leveransen er omfattande og skal erstatte gamle registerløysingar for Einingsregisteret, Føretaksregisteret, Frivilligregisteret og Partiregisteret. Dette arbeidet har blitt hardast ramma som følge av at vi har prioritert kompensasjonsordningane.

I 2022 blei framdrifta i hovudleveranse 3 påverka av avgiving av ressursar til kompensasjonsordningane og etterkontroll for desse. Ved utgangen av året var arbeidet drygt tre månader etter planen i revidert styringsdokument. Hovudaktivitetane har vore å starte implementeringa av Einingsregisteret og Føretaksregisteret, og for begge registera har det vore fokus på arbeidet med enkeltpersonføretak. Enkeltpersonføretak er den første organisasjonsforma som blir flytta frå den gamle til den nye registerplattforma, og dette arbeidet skal etter planen vere ferdigstilt for begge registera i 2023.

Heile hovudleveransen er planlagd ferdigstilt innan utgangen av 2025.

Brukervegnlege registerenester

Prosjektet omfattar tenester for innrapportering til Einingsregisteret, Føretaksregisteret, Frivilligregisteret og Partiregisteret, og dessutan strukturering av underlagsdokumentasjon frå sentrale verksemder i næringslivet. Vi skal realisere tilgjengeleggjering for dei same fire registerenestene, og i tillegg for Lausøyreregisteret, Ektepaktregisteret og delar av Konkursregisteret og Reknesaksregisteret. Prosjektet vil også bidra til å oppfylle krav til Universell utforming og krav i Digitaliseringsdirektivet.

Målet for prosjektet er at brukarar frå næringsliv, frivillig sektor, offentleg sektor og privatpersonar sparer tid på, og opplever, ei enklare og meir effektiv rapportering, med betre rettleiing og færre brukarfeil. Målbiletet inneber vidare at dei same brukargruppene får tilgang til fleire data, raskare og enklare. Saman med leveransane frå prosjekt BRsys vil leveransane gi betre datakvalitet og dermed auka bruk av og tillit til informasjonen i dei aktuelle registera.

Prosjektet leverte i 2022 Sentralt styringsdokument som har vore underlagt staten si kvalitetssikringsordning, KS2. Tiltrådinga frå KS2 er at prosjektet bør gjennomførast med ei kostnadsramme på 563 MNOK (2022-kr inkludert mva.). Netto nytte er estimert til +2,5 kr per budsjettkrone.

Siste halvår 2022 har prosjektet planlagt aktivitetar for gjennomføringsfasen.

Brønnøysundregistra har gjort ei førebels juridisk vurdering av behovet for regelverksendringar. Konklusjonen er at det per no ikkje finst nokon direkte hinder i lovgivinga, men at det med fordel kan utformast meir teknologinøytrale reglar for å sikre størst mogleg gevinst. I 2023 held Brønnøysundregistra fram med arbeidet med regelverket på dette området.

I statsbudsjettet for 2023 blei det ikkje sett av prosjektmidlar for vidare løp, men det er løyvd ei eingongfinansiering på 30 MNOK for 2023. Midla skal nyttast til å starte prosjektet ved å utvikle ein overgangsarkitektur for innrapportering og tilgjengeleggjering til og frå registerplattforma, slik at det blir mogleg å realisere gevinstar frå BRsys-prosjektet. I tillegg skal prosjektet planlegge for vidare utvikling av prosjektet.

Register over reelle rettshavarar

Registeret over reelle rettshavarar er laga med bakgrunn i kvitvaskingsdirektivet. Føremålet med registeret er å skape openheit om reelle eigarforhold og på den måten bidra til å motverke mis bruk av verksemder til kvitvasking, terrorfinansiering og annan økonomisk kriminalitet.

Etter at forskrifta om registeret tok til å gjelde i 2021 har prosjektplanen fått to hovudfasar:

- Fase 1 med grunnleggande funksjonalitet for innrapportering, registrering, overvaking/oppfølging og tilgjengeleggjering av opplysningar.
- Fase 2 med funksjonalitet for varsel om feilregistreringar i registeret, utsending av pålegg om registrering og innkrevjing av tvangsmult, og dessutan funksjonalitet for innrapportering av mellomliggende verksemder, børsnoterte selskap og NUF.

I 2022 har Brønnøysundregistra gjennomført fase 1. Registeret var klart til å settast i produksjon ved årsskiftet, men produksjonssettinga måtte utsettast, etter avtale med Finansdepartementet.

Utsettinga er eit resultat av ein dom frå EU som kom i november 2022, og som gjorde føresegna om tilgjengeleggjering til allmenta i kvitvaskingsdirektivet ugyldig. Sidan den norske forskrifta har liknande føresegner om tilgjengeleggjering til allmenta, må ein no avklare kva dommen frå EU får å seie for det norske registeret.

Digital våpenforvaltning

Prosjektet er forankra i supplerande tildelingsbrev nr. 7 «Ny digital våpenforvaltning», der Justis- og beredskapsdepartementet gir Politidirektoratet (POD) i oppdrag å starte eit prosjekt for ny digital våpenforvaltning. Føremålet er å etablere ei betre og meir effektiv våpenforvaltning i politiet som skal møte publikum sine behov. I tildelingsbrevet stod det også at: "Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt våpenregister som legges til Brønnøysundregistrene og til Nordland politidistrikt med forvaltning i Mosjøen."

POD og Brønnøysundregistera har inngått ein samarbeidsavtale om å utvikle og drifta det digitale våpenregisteret. Prosjektet blir gjennomført i to steg. Det første steget er å lage ei løysing for digital innsending av våpensøknad for jaktvåpen, og det andre steget inneber vidare digitalisering, automatisering og utvikling av ei brukarvennleg løysing.

Hausten 2022 var prosjektet i gang. POD er prosjekteigar, og Brønnøysundregistera og Politiets IT-avdeling (PIT) er utviklingsinstansar. PIT jobba med automatiseringa av våpensøknaden og vi med opprettinga av nytt våpenregister og informasjonsmodellering. Løysinga blir lansert steg for steg i åra som kjem.

Digital selskapsetablering

Digital selskapsetablering er eit prosjekt som er delvis finansiert av medfinansieringsordninga. Prosjektet har lagt til rette for å realisere ei samanhengande teneste for etablerfasen for aksjeselskap med kontantinnskot og enkeltpersonføretak. Brønnøysundregistera ønsker å legge til rette for at prosessen blir gjennomført digitalt, saumlaust og effektivt i brukarflata brukaren føretrekker. Brukarflata kan vere ein bank, økonomisystem eller spesialiserte tenester som blir tilbodne for å starte og drive verksemd.

Løysinga blei ferdig i 2022. Versjon 1.0 av løysinga blei sett i produksjon 31.10.22. Det er stor interesse for prosjektet blant dei private aktørane, og mot slutten av 2022 var tre av dei i gang med å utvikle ei sluttbruksløysing. Dei tre er DnB, Sparebank1 utvikling for Sparebank1-gruppa og Folio AS (Stiftmaskinen).

Sjølv om prosjektet har levert ei løysing i samsvar med kravspesifikasjon, blir det ikkje avslutta før minst éin privat aktør har kopla seg på løysinga. Dette er forventa å skje første halvår 2023. Det er når løysinga blir tatt i bruk at vi ser effekten av tiltaket. Løysinga er tilgjengeleg for alle som ønsker å tilby sluttbruksløysing.

Business Registers Interconnection System (BRIS)

BRIS er eit system der alle medlemslanda utvekslar informasjon med kvarandre og omverda. Systemet har vore i drift sidan 2017. Løysinga inneheld basisinformasjon om verksemder, som organisasjonsform og kva for eit register verksemda er registrert i. I tillegg kan ein bestille dokument, som årsrekneskap og vedtekter. Løysinga omfattar aksjeselskap, allmennaksjeselskap, norskregistrerte utanlandske selskap (NUF) og europeiske selskap.

Brønnøysundregistera fekk i 2021 delfinansiering frå Connecting Europe Facility-programmet til EU (CEF) til å gjennomføre ei oppdatering av BRIS-løysinga til versjon 3. Oppdateringa skal gjere Brønnøysundregistera i stand til å ta imot, registrere og kunngjøre informasjon om filialar i utlandet som tilhøyrer eit norsk selskap. Ein skal også kunne sende varsle til landet der hovudføretaket er registrert ved ulike hendingar.

Gjennomføringsprosjektet var i gang ved årsskiftet, og planlagt ferdigstilling er april 2023. Deretter skal det sendast ein avsluttande rapport til CEF innan medio 2023.

Tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet er svært kostbart for samfunnet, og det er kartlagt at Brønnøysundregistera har både data og kunnskap som kan bidra til å førebygge denne typen kriminalitet.

Brønnøysundregistera har som mål å førebygge arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet i samarbeid med andre. Vi legg vekt på å synleggjere kva data vi har og ser på korleis andre har tatt i bruk data frå oss.

Vi har gjennomført fleire tiltak for å førebygge økonomisk kriminalitet. Tiltaka har eit stort spenn, frå kompetanseheving og innføring av nye rutinar, til innspel på fleire høyringar og strategiar knytte til kriminalitetsførebygging. I tillegg er det greidd ut å ta i bruk maskinlæring, for eksempel for å avdekke stråmenn i registera våre, og kompetansen på området er auka.

Brønnøysundregistera har deltatt i arbeidet med Digitalt økosystem for etterleving (DigØk) og Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ). Byggenæringa og innkjøpssamarbeidet til SMSØ viser stor interesse og er utålmodige etter å få til ei samanstilling og deling av data til seriøsitetsføremål.

Seriøsitetsinformasjon

I samarbeid med Skatteetaten har vi følgt opp arbeidet knytt til regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet, tiltak 8: *Gjere det lettare for private verksemder å vurdere om leverandørar er seriøse*. Piloten for tilgjengeleggjering av seriøsitetsinformasjon, bestilt av Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet, blei avslutta 1. mars 2022.

Piloten var ein suksess. Tilretteleggarmodellen verkar som forventa innan organisering, prosessar og teknologi. Modellen inneber at dataforvaltarar i offentleg sektor deler data gjennom eit forvaltningsorgan, som tilgjengeleggjer for tredjepartsaktørar (tilretteleggarar) som igjen leverer informasjon til sluttbrukarar. Piloten viste at det er eit stort behov for seriøsitetsinformasjon både i forbrukarmarknaden og bedriftsmarknaden.

Rapporten som oppsummerer funna, blei levert til Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet i mai 2022. Han konkluderte med at det meste ligg til rette for å dele seriøsitetsinformasjon i samsvar med tilretteleggarmodellen. Det som manglar, er eit solid regelverk som tillèt at data frå offentlege myndigheter blir sette saman og delte for det føremålet å førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet. Pilotarbeidet viste at forvaltningsansvaret for ordninga bør leggast til Brønnøysundregistera, ettersom rolla vår er å tilgjengeleggjere og dele data.

Prosjektet presenterte rapporten for Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet i oktober 2022. Det blei gjennomført ein workshop med næringsministeren og departementet den same veka. Der tok ein også opp problemstillinga som gjeld heimelsarbeidet, då dagens situasjon gjer det umogleg å dele seriøsitetsinformasjon effektivt.

Utgreiingar

Digitaliseringsdirektivet

Etter oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet, har Brønnøysundregistera hjelpt til med å kartlegge behovet for endringar i regelverket som følge av implementeringa av digitaliseringsdirektivet (EU 2019/1151).

Gjennom samarbeidet bidrog Brønnøysundregistera med teknisk kunnskap for at departementet skulle kunne ta stilling til lov- og forskriftsendringar. Arbeidet blei sendt vidare til Nærings- og fiskeridepartementet august 2021, og i februar 2022 sende ein lovendringane på høyring.

Brønnøysundregistera sende høyringssvaret sitt til NFD, der den overordna kommentaren var at høyringsnotatet inneheldt relativt få forslag til lovendring. Departementet hadde foreslått ei rekke reguleringar i forskrift med eigne høyringar. Brønnøysundregistera er positive til denne lovgivingsteknikken, og meiner at framgangsmåten er godt eigna til å skape eit tidsriktig og fleksibelt regelverk. Slik sikrar vi mest mogleg gevinst for brukarane våre, ved at regelverket står seg over tid, og gjer det mogleg å utvikle løysingar etter behov.

Vidare har Brønnøysundregistera i tillegg til tildelingsbrevet for 2022 i oppdrag å utarbeide eit utkast til høyringsnotat med forslag til forskriftsføresegner for å gjennomføre reglar i

digitaliseringsdirektivet. Arbeidet skal gjennomførast i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet, og blei starta opp i 2022, men skal leverast i samsvar med oppdragsbrevet 1. mars 2023.

[Register for offentleg støtte \(ROFS\)](#)

I tildelingsbrev til Brønnøysundregistera 2022, og som tillegg til tildelingsbrev 10. februar 2022, bad ein om ein gjennomgang av moglege forbetringerar i Registeret for offentleg støtte (ROFS).

Resultatet blei eit arbeid som skildra utviklinga av eit nytt tilskots- og støtteregister som resulterte i eit nytt oppdragsbrev 1. juli 2022. Det var behov for å undersøke om ei utvida registerløysing ville gjere det mogleg å kontrollere enkelttildelingar av offentleg støtte i større grad enn i dag. Ein hadde også behov for å lette arbeidet med kumulasjonskontroll for støttegivarar og for å auke transparens rundt støtteordningar og tildelingar. I tillegg skulle ein vurdere mellombels om det kunne vere mogleg at ei vidareutvikling av ROFS kunne vareta heile eller delar av behova som NFD skisserte for eit nytt tilskots- og støtteregister, eller om det må etablerast eit nytt register.

Registeret skulle innehalde offentleg støtte slik det følger av det EØS-rettslege statsstøtteregelverket. Brønnøysundregistera skulle samarbeide med Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om å gi ei førebels vurdering av om, og eventuelt korleis, andre former for statleg støtte burde inngå i registeret. I tillegg skulle det gjerast ei vurdering av om det er føremålstenleg å samordne arbeidet med støtteregisteret med prosjektet Digitilskot.

Arbeidet resulterte i eit svar frå Brønnøysundregistera, i samarbeid med DFØ, der vi melde frå om at vi var svært positive til å utvikle eit støtteregister på den nye registerplattforma. Vi signaliserte at vi er opne for samarbeid med andre etatar, som DFØ, og at det er viktig med klare føringar frå departementet for å sikre ein konstruktiv og fruktbar prosess. I ettertid har det vore eit oppfølgingsmøte med departementet, og NFD jobbar med å avklare det vidare løpet nærmare.

[Vidareutvikling av Frivilligregisteret](#)

Føremålet med Frivilligregisteret er å forbetre og forenkle samhandlinga mellom frivillige verksemder og offentlege myndigheter. Brønnøysundregistera har deltatt i ei arbeidsgruppe som har jobba med å vidareutvikle Frivilligregisteret. Dette er eitt av to sentrale tiltak under livshendinga starte og drive ein frivillig organisasjon. Arbeidsgruppa som blei leia av Kulturdepartementet, leverte ein rapport i juni 2022 med forslag til fleire tiltak som skal bidra til at Frivilligregisteret i enda større grad enn i dag kan nyttast som inngangskriterium til tilskotsordningar. Rapporten inneholdt også forslag til korleis registeret kan utviklast vidare for å forbetre og forenkle samhandlinga mellom frivillig verksemd og offentlege myndigheter.

Mellom anna foreslår ein å utvide Frivilligregisteret med nokre nøkkellopplysningar om frivillige organisasjonar som eignar seg for gjenbruk av andre etatar. Ein foreslår også at registeret får heimel til å hente opplysningar frå andre kjelder enn organisasjonen sjølv for å sikre god registerkvalitet. Den største gevisten av dette arbeidet er at ein betre etterlever "berre éin gong" i det offentlege, og dermed frigjer kapasitet hos frivillige organisasjonar slik at dei kan bruke meir av tida si til aktivitet retta mot formålet til organisasjonen. Fleire av tiltaka fører til behov for å tilpasse regelverket. Kulturdepartementet vil derfor starte eit arbeid med å revidere frivilligregisterlova tidleg i 2023.

[Heilskapleg løysing for rapportering og tilgjengeleggjering av opplysningar om aksjeeigarar \(AKSE\)](#)

I 2021 gav Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet Skatteetaten og Brønnøysundregistera i oppdrag å gjennomføre ei konseptvalutgreiing for ei løysing for heilskapleg og forenkla rapportering og tilgjengeleggjering av eigarskapsinformasjon i norske aksje- og allmennaksjeselskap. Konseptvalutgreiinga blei overlevert til departamenta i 2021.

Det har vore lite aktivitet på dette området, då utgreiinga er under vurdering hos dei aktuelle departementa. Mens vi ventar på AKSE, har Brønnøysundregistera utforska om det er andre måtar å

handtere aksjeeigarinformasjon på gjennom BR Økosystem (BRØK). Fokuset har vore utforsking for å lære. Nærings- og fiskeridepartementet har vore involvert i denne prosessen.

Utgreiing av regelverk for Ektepaktregisteret

Ektepaktregisteret består av tinglyste ektepakter i Noreg. Brønnøysundregistera er registerførar og tinglysingsmyndigkeit for registeret, som i dag verken har ein elektronisk dokumentinnkomst eller heilmaskinell saksbehandling.

Digitaliseringa av tinglysingsprosessen har fleire fordelar, som samla sett vil bidra til forenkling både for brukaren og registerføraren, mellom anna både økonomiske, administrative og miljømessige gevinstar. Vi har levert ei utgreiing som viser at det er behov for regelverksendringar i ekteskapslova for å få til ei heilmaskinell saksbehandling og legge til rette for digital opprettning av ektepakter. I tillegg må Ektepaktregistret forenkle saksbehandlingspraksisen dei har i dag. Vi har oppretta ein dialog med Justisdepartementet om praksis- og lovendringar.

Utgreiing av om Rekneskapsregisteret gjer dei riktige logiske kontrollane

Rekneskapsregisteret er eit nasjonalt register som har til oppgåve å ta imot årsrekneskap for å gjere dei offentleg tilgjengelege for alle på ein enkel måte. Rekneskapsregisteret utfører berre ein formalkontroll av innsende årsrekneskapar, det vil seie at det blir kontrollert at dei riktige dokumenta er med. Kva for postar som er fylte ut i rekneskapane eller grunnlaget for tala, inngår ikkje i kontrollen. Vi gir likevel tilbakemelding til verksemndene dersom det kjem fram logiske brestar og liknande. Det gjer vi sjølv om det ikkje er nektingsgrunn, slik at dei kan rette opp og sende inn ein ny årsrekneskap. Vi har vurdert om Rekneskapsregisteret kan utføre ein meir omfattande kontroll, blant anna med tanke på bidrag i arbeidet med økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet. Vi vurderer at Rekneskapsregisteret gjer dei rette kontrollane innanfor dagens regelverk.

Utfasing av tenester i Altinn II

Brønnøysundregistera nyttar felleskomponenten Altinn for fleire av tenestene våre. Sommaren 2022 varsla Digitaliseringsdirektoratet at Altinn II skal fasast ut fordi leverandøravtalane går ut, programvara er på slutten av livssyklusen sin, og det er eit sterkt behov for modernisering. Altinn 3.0 er derfor etablert, men er per dato ikkje fullført.

Brønnøysundregistera har ei rekke ulike typar tenester knytte til dei fleste av registera våre i Altinn II. Ved ei utfasing vil desse tenestene stoppe opp, og det er derfor behov for å få finansiering til å reetablere tenestene på den nye plattforma, Altinn 3.0.

Det er utarbeidd eit satsingsforslag for 2024, som blei levert til Nærings- og Fiskeridepartementet før jul. Finansieringsbehovet for investeringa er estimert til å vere 74,2 millionar kroner. Vi arbeider vidare med satsinga i 2023 i samarbeid med departementet og Digitaliseringsdirektoratet.

3.2.3. Aktivitetar datadriven utvikling

Brønnøysundregistera skal medverke til auka verdiskaping for næringslivet. Med utgangspunkt i dei nasjonale registera og den nasjonale felleskomponenten Einingsregisteret, bidrar vi til forenkling for andre etatar og næringslivet. I tillegg legg vi til rette for auka datadriven utvikling. Vi arbeider kontinuerleg med å forenkle og digitalisere slik at rapporteringsbyrda blir mindre. Samtidig er vi med på å bidra til auka berekraftig verdiskaping.

Vi skal utvikle tenester som er retta blant anna mot regjeringa sin strategi for å førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet, og strategi for ein enklare kvardag for småbedriftene.

Dataanalyse er eit sentralt verkemiddel for å bli datadriven. Når ein skal ta avgjerder og gjere val på grunnlag av fakta og kunnskap, må ein ha kompetanse på å samanstille data, analysere og fortolke resultat. Vi har gjennomført ein analyse for å hjelpe til med utveljingskriterium i kontrollarbeidet til

Kompensasjonsordninga for næringslivet. I tillegg har vi begynt å sjå på om det kan vere mogleg å bruke maskinlæring.

Nedanfor følger ei beskriving av utviklingsaktivitetane som skal bidra til auka datadriven utvikling, fordelt på områda livshendingar, datadelingstenester, økonomisk oversikt og individuell rettleiing, offentleg privat samarbeid og informasjonsforvaltning.

Livshendingar

I *Ein digital offentleg sektor: Digitaliseringsstrategi for offentleg sektor 2019-2025* er det valt ut sju livshendingar. Fleire av livshendingane har berøringspunkt med Brønnøysundregistera, men vi har ei sentral rolle i to av desse: *starte og drive ein frivillig organisasjon* og *starte og drive ei bedrift*.

Brønnøysundregistera skal bidra til å skape samanhengande tenester, etablere ein metodikk for arbeidet, identifisere og koordinere tiltak. I nokre tilfelle skal etaten gjennomføre tiltak som bidrar til forenkling og gevinstar for næringslivet.

Det er Kulturdepartementet som eig livshendinga *starte og drive ein frivillig organisasjon*. I dag opplever frivillig sektor at samhandlinga med offentleg sektor er tid- og ressurskrevjande og lite koordinert. I vidareføringa av «Stimulab-prosjektet» som blei gjennomført i 2021, har Brønnøysundregistera halde fram samarbeidet med Kulturdepartementet, Kommunesektoren sin organisasjon, Frivillighet Noreg, Fundraising Norge og Lotteri- og stiftelsestilsynet for å forenkle frivillig sektor si samhandling med offentlege etatar. Eit av forbetringssområda er innanfor tilskot, og i 2022 har samarbeidet jobba med ein søknad til medfinansieringsordninga. Rapporten for «Vidareutvikling av Frivilligregisteret» har også vore sentral for å få innsikt i utfordringsbiletet.

Det er Nærings- og fiskeridepartementet som eig livshendinga *starte og drive ei bedrift*. Livshendinga dekker heile livsløpet til ei bedrift, frå nokon får ideen eller ønsket om å starte ei eiga bedrift, og til bedrifta blir avslutta. Det overordna målet er å gjøre det enklare for den næringsdrivande i alle fasane bedrifta går igjennom. Dette oppnår ein ved å sjå stega den næringsdrivande må gjennom, under eitt, og etablere samanhengande forretningstenester sett frå ståstad til bedrifta og den næringsdrivande. Tenestene må henge saman både på tvers av offentleg sektor, og på tvers av privat og offentleg sektor der det er relevant.

I 2022 har vi halde fram med å kombinere innsikt frå ulike prosjekt og samarbeid vi er involverte i, for å supplere og validere innsikt frå tidlegare år. I tillegg har vi arbeidd vidare med og analysert dette materialet for å kunne trekke ut nokre nøkkelinnsikter, som mellom anna er kommuniserte til næringsministeren i ein eigen workshop, og dessutan spelt inn til forenklingsarbeidet til regjeringa.

Utfordringa med tilgang til data er ei av nøkkelinnsiktene. Her er utfordringa knytt til mangel på, eller ulik tolking av, regelverk som opnar for deling av data. Ei anna nøkkelinnsikt er knytt til berekraft og auka rapporteringsbyrde som følge av krav til berekraftsrapportering. Eit fellestrekks er at ein kan redusere den auka byrda gjennom betre tilgang til data. Før jul blei det sendt eit brev frå ei rekke næringslivsorganisasjonar til næringsministeren, der ein peikte på kor viktig det er å forenkle tilgangen til dataa det offentlege forvaltar, og som kan nyttast til å dokumentere og rapportere på berekraft.

I desember la direktøren hos Digitaliseringsrådet fram eit forslag til ein visjon – den sjølvkøyrande bilen – som ein metafor for korleis det offentlege kan bidra til å sikre ein enklare kvardag for næringslivet i Noreg.

Digital selskapsetablering er eit eksempel på tiltak som legg til rette for å realisere ei samanhengande teneste i livshendinga *Starte og drive ei bedrift*, sjå nærmare omtale under kap. 3.2.2.

Datadelingstenester

Brønnøysundregistera har forvaltningsansvar for datadelingstenestene eBevis og Teneste for deling av tilsynsdata (TILDA).

eBevis har forenkla og effektivisert anskaffingsprosessen i offentleg sektor, både for offentlege oppdragsgivarar og private tilbydarar. I 2022 er tenesta utvida med fleire verdiaukande opplysningar frå fleire datakjelder, og det er aukande bruk av tenesta. Talet på kontrollerte tilbod har dobla seg sidan 2021 og var i 2022 på nærmare 6000. Tilsvarande auka talet på kontrollerte leverandørar med 15 prosent til 15 651.

TILDA er ei samarbeidsteneste som er lagt til rette for tilsynsmyndigheter i Noreg. Tenesta vil føre til eit meir effektivt og målretta tilsynsarbeid med gevinstar både for tilsynsmyndigheter og private verksemder. Per 2022 har 65 tilsynsaktørar knytt seg til tenesta, og ambisjonen for 2023 er ytterlegare vekst og større effektar for næringsliv og tilsyn. Det er sett i verk ei juridisk utgreiing av om enkeltpersonføretak også skal kunne inngå i tenesta utan å komme i konflikt med personvernlovgivinga.

Brønnøysundregistera er i samarbeid med næringslivet i ferd med å greie ut fleire nye datadelingstenester, som støttar opp om regjeringa sin strategi mot økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet og forenklingar for næringslivet.

Økonomisk oversikt og individuell rettleiing

Rett frå start

Prosjektet er eitt av sju under programmet «Innkrevjing i framtida», som blir leia av Skatteetaten. Målgruppa for prosjektet er enkeltpersonføretak og mindre aksjeselskap, opp til ca. ti tilsette. Det er definert fire innsatsområde for prosjektet; *Rett og trygg start, oversiktleg og sikker drift, forskotsskatt og førebygge gjeldsproblem*. Prosjektet går over tre år frå 2022 til og med 2024. 2022 starta med eit tverr-etatleg forprosjekt. Det blei gjennomført eit omfattande innsiktsarbeid som identifiserte smertepunkta til målgruppa. Basert på smertepunkta definerte vi seks byggeklossar, der Brønnøysundregistera har hovudansvaret for Oppstartsrettleiingar, Innføringstenester og Næringsrettleiing. I tillegg skal både Skatteetaten og Brønnøysundregistera utvikle innlogga brukarflater for å kunne imøtekommne brukarane sine behov og tilby tilpassa og riktige tenester.

Hovudprosjektet starta i mai. For vår del har hovudaktiviteten i 2022 vore å utvikle konseptet som skal realisere byggeklossane vi har ansvaret for. Vi kan i korte trekk beskrive konseptet som ei vidareutvikling av rettleiingstenesta *Starte og drive bedrift* som Brønnøysundregistera forvaltar på altinn.no.

Innsiktsarbeidet i Rett frå start dokumenterer eit stort behov for individuell og bransjetilpassa rettleiing. Denne typen individuell rettleiing har vi berre hatt i avgrensa omfang fram til i dag. E-guidane vi har laga for serveringsbransjen, reinhaldsbransjen og andre, er eit første steg på vegen mot tilpassa rettleiing. I Rett frå start har vi høve til å vidareføre dette tilbodet. Utviklinga skal etter planen gå føre seg i heile 2023.

Forenkla innsamling og formidling av økonomisk informasjon for enkeltpersonføretak (mine økonomiske data)

Vi har arbeidd vidare med eit prosjekt for å kunne gi enkeltpersonføretak (ENK) tilgang til ei økonomisk oversikt for å førebygge gjeld og gi gjeldsrådgiving. Føremålet med prosjektet er å bidra til å førebygge at innbyggjarar som etablerer ENK, får økonomiske problem på grunn av dårlig oversikt over eigen økonomi. I tillegg manglande kunnskap om økonomiske forpliktingar og konsekvensar av etableringa, og /eller dårlig økonomistyring. Det har ikkje vore mogleg å realisere den økonomiske oversikta på grunn av heimelsutfordringar og tilgang til relevante data frå Skatteetaten. Prosjektet avslutta formelt i 2022, og oppgåvene er overførte til prosjektet Rett frå start.

Offentleg privat samarbeid (OPS)

Offentleg privat samarbeid inneber å legge til rette for samfunnsøkonomisk lønnsame og sjølvforsterkande samarbeid i fleire sektorar som skal gi betre tenester og bidra til auka verdiskaping. Vi har deltatt og bidratt i samarbeid med fleire næringar.

OPS Landbruk

Føremålet med OPS Landbruk er å utnytte digital teknologi og digitale forretnings- og verksemdsmodellar. Dette skal styrke konkurransekrafta til landbruks- og matnæringa, og modernisere offentleg forvaltning i samarbeid med sektoren. Samarbeidet skal vidare bidra til å redusere hindringar og stimulere til auka digital samhandling. Målet er å finne felles løysingar der det er føremålstenleg, og samarbeide om enkelttiltak og digitaliseringsprosjekt som bidrar til ei berekraftig utvikling av sektoren. I 2022 har vi bidratt til å identifisere indikatorar for arbeidet med ein datamodell. Vi har også delt erfaringane våre om korleis ein utviklar ei datadelingsteneste, og sett fokus på berekraftsarbeid som satsingsområde for 2023.

OPS Sjømat

Sjømatnæringa er ei betydeleg næring i Noreg med omsyn til sysselsetting, lønnsemd, eksportinntekter og potensial for vidare utvikling. Næringsa starta allereie i 2003 med offentleg-privat digital samhandling innan havbruk. Denne samhandlinga blei revitalisert i 2019 i samband med forenklingsarbeidet regjeringa gjorde for næringslivet. Norsk havbruk framstår i dag som leiande internasjonalt på næringsnyttig bruk av digitale verkemiddel.

Målet til OPS Sjømat er å halde ved lag og forsterke denne posisjonen. Det blir jobba målretta på fleire område. Mellom anna eigarskap til data i samarbeid med OPS Landbruk, datadeling med HUB Ocean på luseproblematikk, automatisert og digital utfferding av helsecertifikat. I tillegg blir det jobba innan digital innrapportering av data om slakting av fisk, elektroniske fraktbrev, implementering av EU sitt plastdirektiv, sirkulærøkonomi med meir. Ein er også i ferd med å etablere eit eige selskap for deling av data og andre næringsspesifikke fellesfunksjonar, eigmeld av næringsorganisasjonane Sjømat Norge og Sjømatbedriftene.

Ein trend i næringa er auka forståing og interesse for å dele data internt og mellom offentlege og private verksemder for å løyse felles utfordringar. I samband med dette er det sett i gang eit arbeid for samtykkebasert deling av data innan eit avgrensa geografisk område – eit såkalla "områdesamarbeid". Det er sett i gang ein pilot for dette i Trøndelag. Denne typen datadeling blir rekna for å vere eit pionerarbeid også internasjonalt.

Brønnøysundregistera bidrar til OPS Sjømat med kompetanse i styringsgruppa på strategiutvikling og digital transformasjon. I tillegg bidrar vi der det måtte vere behov for etaten sine tenester og kompetanse til utvikling av næringa, for eksempel innan informasjonsforvaltning.

Vi jobbar for at OPS Sjømat i nær framtid også skal omfatte fiskeri.

BioDigSirk – Digital marknadspllass for sirkulær økonomi i bionæringerane

Norsk næringsliv skal gjennom ei av dei største omstillingane i moderne tid. Noreg har forplikta seg til å redusere klimautslipp med minst 55 prosent innan 2030. Som del av dette er det ein nasjonal ambisjon at Noreg skal bli eit føregangsland på sirkulærøkonomi i bionæringerane. Samtidig er det eit ønske om at det meste av måloppnåinga skal skje gjennom næringsutvikling.

Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har derfor gitt prosjektet BioDigSirk i oppdrag å gjennomføre ei konseptvurdering. Her ser ein på korleis ein skal kunne etablere eit marknadssystem for sirkulær økonomi i bionæringerane havbruk, fiskeri, jordbruk og skogbruk. Brønnøysundregistera har fått i oppdrag å administrere det nettverksorganiserte prosjektet.

Representantar frå OPS Sjømat, OPS Landbruk, ei rekke klyngesamarbeid i blå og grøn sektor, eit femtals verksemder frå privat og offentleg sektor, akademia og relevante forskingsmiljø har gjennom året jobba fram eit sett med forslag til tiltak. Desse tiltaka skal akselerere overgangen frå lineære til sirkulære verdikjeder og gjennom det bygge ny industri i norsk bioøkonomi.

Det er tilrådd ei rekke tiltak innanfor åtte strategiske område. Ein reknar etablerte OPS-samarbeid innan sjømat og landbruk for å vere sterke verkemiddel når ein skal realisere desse tiltaka.

BioDigSirk-prosjektet har mellom anna avdekt at lønnsemada kan vere stor om ein etablerer datadrivne løysingar for å implementere EU sitt plastdirektiv i havbruksnæringa. I tillegg er det sannsynleggjort at det kan vere mogleg å oppnå ei industriutvikling i milliardklassen. Det kan ein oppnå ved å etablere verdikjeder for insektproduksjon basert på biosirkulære prinsipp og god informasjonsforvaltning.

BioDigSirk-prosjektet har gjennom kompetansespreiing bidratt til å sette retning på arbeidet innan sirkulærøkonomi i Noreg. Tilrådingane frå prosjektet er no til vurdering hos oppdragsgivarane med tanke på oppfølging og vegen vidare på området.

Opprinn

Opprinn er eit initiativ frå offentleg forvaltning overfor bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa for å auke takten av digitalisering i bransjen gjennom data- og kunnskapsdeling. Føremålet har sidan 2019 vore å utnytte det fulle potensiale som ligg i digitalisering og smart samhandling. Arbeidet var meint å bidra til effektivisering av byggenæringa gjennom å ta ut potensiale i digitalisering, og sette bedriftene betre i stand til å konkurrere, også internasjonalt.

Det er oppretta ei prioriteringsliste frå bransjen, og GRUNN har høgast prioritet. Føremålet med GRUNN er å effektivisere due diligence-prosessen ved transaksjonar av næringsbygg. Tiltaket har vore sett på vent over lang tid på grunn av manglande tilgang til data frå Skatteetaten. Dette er ei heimelsutfordring som går igjen i fleire tiltak der ein skal dele data. Byggenæringens landsforening leiar arbeidet, og Brønnøysundregistera er deltakar i styringsgruppa.

Det har vore liten aktivitet i 2022, sidan det har vore skifte i leiinga for topplearforum, ny organisering og eit nytt mandat har vore under utarbeiding. I 2023 skal ein sette i gang eit arbeidsutval og prioritering av tiltak. Brønnøysundregistera ventar derfor med å involvere seg ytterlegare til dette er avgjort.

Digital Samhandling Offentleg Privat

I 2016 innleia Skatteetaten, Brønnøysundregistera og finansnæringa eit samarbeid som fekk namnet Digital Samhandling Offentleg Privat (DSOP). Her samarbeider partane om å digitalisere og effektivisere viktige prosessar i samfunnet, som vil skape store verdiar og spare aktørane for mykje tid og pengar. Samtidig vil samarbeidet skape vekst og bidra til den vidare digitaliseringa av Noreg.

Prosjektet "Digital selskapsetablering" er realisert i 2022, og ventar no på at den første aktøren skal ta løysinga i bruk.

Eit viktig læringsmoment frå DSOP-prosjekta er at det sjeldan er dei tekniske utfordringane som er flaskehalsen, men dei juridiske. Juridiske utfordringar har gjort at fleire prosjekt har blitt forseinka, stansa eller ikkje blitt tatt i bruk i påvente av regelendringar. Dette gjeld mellom anna prosjektet "Maskinell løysing for oppslag og kontroll av signatur og prokura" som ventar på endring i registerlovene.

Informasjonsforvaltning

Informasjonsforvaltning er ein føresetnad for å nå måla til Brønnøysundregistera knytte til registerforvaltning og datadriven utvikling. Arbeidet er også sterkt forankra nasjonalt gjennom stortingsmeldinga *En digital offentlig sektor*, Digitaliseringsrundskrivet, tiltaka under SKATE og samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet. Informasjonsforvaltning betyr å ta eit heilskapleg ansvar for å nå potensialet som ligg i å utnytte data, og samtidig vareta kvaliteten og tryggleiken. For å kunne nå dette potensialet må vi vite kva dataa betyr, korleis dei heng saman, kva vi har lov til å bruke dei til, og korleis vi kan dele dei med andre.

I 2022 har vi utarbeidd informasjonsmodellar, datasettbeskrivingar og omgrepssbeskrivingar i alle nye og eksisterande prosjekt. Det har bidratt til orden i eige hus og sikra ei felles forståing av dataa på tvers av fagområde, og lagt grunnlaget for korrekt utveksling og deling av data. Omgrep, datasett-, modell- og API-beskrivingar blir publiserte i Felles datakatalog.

3.2.4 Internasjonalt arbeid

Brønnøysundregistera har ein tradisjon med å hjelpe til i utviklinga av registerløysingar i andre land. Arbeidet bidrar til at andre land forbetrar seg innan FN-s berekraftsmål 8 og 16 i eit globalt partnarskap (FNs berekraftsmål 17). Samtidig drar etaten nytte av slik innsats som gir auka innsikt og kompetanse i rolla som registeretat.

Brønnøysundregistera deltar i eit samarbeid, "Register for utvikling", med Statistisk Sentralbyrå, Kartverket og Skatteetaten. Norad koordinerer samarbeidet. I 2022 har det vore stor interesse for Einingsregisteret, og ein har halde foredrag for ei rekke delegasjonar frå m.a. Namibia, Nord Makedonia, Kroatia, Chile, Ghana og Kenya etter invitasjon frå Statistisk sentralbyrå.

I 2022 har kunnskapsutvekslinga innan digitalisering med den norske ambassaden i Berlin og Riksrevisjonen i Hessen halde fram med mellom anna ein workshop i Frankfurt. Dialogen vi har, etterlèt seg spor for eksempel i digitaliseringsstrategien i Hessen.

Nordic Smart Government and Business

Prosjektet starta i 2021 og blir leia av dei nordiske registermyndighetene og skattemyndighetene. Prosjektet er innvilga eit finansieringsbidrag på 38 millionar kroner over 2,5 år frå Norden Nordic Innovation.

Vinteren 2022 blei det gjennomført ein prosess for å få sterkare forankring og semje om vegkartet prosjektet jobbar etter. Dei ulike delprosjekta er ulikt modne. Innanfor dei mest modne områda, for eksempel «Digital Business Documents», har det vore god framdrift med pilotar og samarbeid med tenestetilbydarane i marknaden. På andre område har året blitt brukt til å oppnå ei felles forståing på tvers av landa.

Vi har mellom anna bidratt i arbeidet med å lage ein felles nordisk standard for å gjere oppslag mot dei ulike nordiske føretaksregistera. I tillegg er det arbeidet med å definere kva for digitale eigenskapar ei nyoppstarta bedrift bør ha for å få ein enklare kvar dag. Vi har også arbeidd med ein pilot saman med SSB og andre interesserantar for å utnytte det nyleg innførte kravet om standardiserte bokføringsdata (SAF-T Regnskap) for å gjere rapporteringa enklare.

Specifications and Tools for Interoperable and Reusable data (STIRData)

Brønnøysundregistera er ein av åtte deltakarar i STIRData-prosjektet, som er eit prosjekt delvis finansiert under Connecting Europe Facility-programmet til EU (CEF). Prosjektet utviklar spesifikasjonar og løysingar for å gjere det enklare å dele og bruke data på tvers av føretaksregister. Til Brønnøysundregistera si rolle ligg det å dokumentere brukarbehova og delta i utviklinga av den tekniske arkitekturen og spesifikasjonane.

Arbeidet i STIRData vil gjere det enklare å få tilgang til nøkkelinformasjon om selskap på tvers av landegrensene, på engelsk. I arbeidet med livshendinga *starte og drive bedrift* og i Nordic Smart Government and Business har ein identifisert behova for enkel tilgang til autoritativ informasjon om potensielle kundar og leverandørar. Brønnøysundregistera varetar samanhengen mellom spesifikasjonane som blir utvikla i STIRData og dei som blir utvikla innanfor Nordic Smart Government and Business, for å oppnå ein felles nordisk måte å få tilgang til data på frå føretaksregistera.

Prosjektet blir avslutta i 2023, og spesifikasjonane vil bli ein del av grunnlaget for utviklingsarbeidet i prosjektet Brukarvennlege registertenester.

3.2.5 Innovasjon

Vi har etablert ein teknisk sandkasse der føremålet primært er å nå eksisterande og nye interessentar raskare for å auke moglegheitsrommet for nye tenester og bruk av offentlege data. Sandkassen blei offisielt opna hausten 2022 og har vekt interesse både frå inn- og utland.

Brønnøysundregistera har utforska konseptet og teknologien for å kunne lage ein desentralisert infrastruktur for større openheit for eigarskapsinformasjon i aksjeeigarbøker.

I samband med auka fokus på digitale lommebøker (Wallets) og verifiserbare attributt (EAA) både i EU og som ein del av eit større digitalt skifte, fekk vi høve til å teste dette i praksis saman med mellom anna Skatteetaten ved å lage eit informasjonskontor i Metaverse. Eit metavers er nemninga på ei virtuell plattform meint for sosial interaksjon på internett, og er ein måte å bli kjend med bruken av digitale verdiar på. Dette blei vist fram for første gong på NOKIOS-konferansen, der det vekte stor interesse, og det var også ei sak i Dagsnytt 18.

I haust har vi deltatt på eit felles nordisk innovasjonsprosjekt (Sverige, Finland, Noreg) som har utvikla ein pilot på ei verksemDSLommebok i samband med anskaffingar på tvers av landegrenser. Vi har også det siste året blitt medlem i to store EU-prosjekt som utforskar digital verksembsidentitet (ODI).

Brønnøysundregistera deltar i Noregs største innovasjonsnettverk, der vi har bidratt med ei innovasjonsbok som skal komme i første kvartal 2023. Arbeidet vårt har fått mykje merksemd.

Vi vil lære om moglegheitene som ligg i ny teknologi og nå neste generasjons brukarar av offentlege tenester. Det er viktig for at vi skal kunne løyse samfunnsoppdraget vårt på ein betre og meir effektiv måte, og samtidig spare kostnader.

3.2.6. Berekraftig næringsliv

Brønnøysundregistera har gjennom det siste året auka sin eigen kompetanse om kva det nye berekraftsdirektivet (CSRD), openheitslova og taksonomien vil bety for norsk næringsliv. Og vidare kva for ei rolle vi kan spele for å sikre berekraft og grøn konkurransekraft i næringslivet. Innsikta i næringslivet si handtering av berekraftsarbeidet er basert på erfaringar frå mellom anna arbeidet med livshendinga *starte og drive bedrift*, Nordic Smart Government & Business, workshop med Regnskap Norge, Digital Norway og Accenture; vi har dessutan deltatt på den regulative sandkassen til Finanstilsynet og gjennomført interne aktivitetar.

Krava til berekraftsrapportering gjeld frå 2024, og er i første omgang aktuelle for dei store og børsnoterte selskapa. Rapporten skal vere ein del av årsmeldinga frå styret og skal offentleggjera i maskinlesbart format, og dette fører til ei endring i rapporteringa til Rekneskapsregisteret.

Rapporteringa er ikkje eit mål i seg sjølv, men viktig for å få til endringar, og for at endringane tar samfunnet i rett retning. Sjølve reguleringa vil verke inn på langt fleire enn dei det vedkjem direkte. Dei små og mellomstore bedriftene vil møte krava til berekraftsrapportering som leverandørar i ei verdikjede og som kundar i mellom anna bank og forsikring. Brønnøysundregistera vil som forenklingsaktør arbeide vidare i 2023 med å etablere eit samarbeid med relevante offentlege og private aktørar for å utvikle ei løysing som vil gjere rapporteringsbyrda så lita som mogleg. Samtidig skal næringslivet og samfunnet få enkel og effektiv tilgang til berekraftsrapportar med god kvalitet.



IV Styring og kontroll av verksemda

4.1. Overordna styring og kontroll

Brønnøysundregistera nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp.

Tildelingsbrev og strategiplanen gir eit godt grunnlag for prioritering. Vi har utarbeidd og følgjt opp verksemdsplan og planar for kvar avdeling. Økonomien følger vi opp mot budsjett og mål for innsparing i omstillingsplanen ved hjelp av planlagde revisjonar gjennom året. Porteføljestyringa bidrar til å optimalisere gjennomføringa av prosjekta i verksemda.

Informasjonstryggleiken blir styrt opp mot kartlagde risikoar. Vi varetar dette gjennom eit styringssystem for informasjonstryggleiken der dei styrande, utførande og kontrollerande nivåa er definerte og fordelt i ein tryggingsorganisasjon. Vi har arbeidd med å operasjonalisere informasjonstryggleiken og etablere styringsparameterar for å følge opp informasjonstryggleiken som ein del av verksemdsstyringa. Det er gjennomført ei tilstandsvurdering på operasjonell tryggleik ved å måle tilstanden i verksemda opp mot NSM Grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Vi har også gjort ei trusselvurdering og utført risikoanalysar for å sikre ei styrt prioritering av nødvendige tiltak og etablering av sikringsmekanismar.

Brønnøysundregistera har ei heilskapleg tilnærming til verksemdsstyringa som inneber at vi ser ulike interne styringsprosessar i samanheng slik at vi når måla våre. I 2022 har vi tatt i bruk eit verktøy for verksemdsstyring som skal bidra til ei samla oversikt over sentrale styringsprosessar slik at BR får eit system som varetar verksemdsstyringa sett under eitt.

Brønnøysundregistera har hatt god måloppnåing knytt til hovudmåla som er gitt av Nærings- og fiskeridepartementet, med unntak av saksbehandlingstid i Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

Etaten har i all hovudsak gode prosessar for styring og kontroll, og ein opplever at styringa i 2022 er god.

4.2. Effektiv drift

Brønnøysundregistera skal innrette verksemda si slik at ein oppnår hovudmåla på ein effektiv måte.

4.2.1 Måloppnåing effektiv drift

Vi vurderer ressursbruken som effektiv i høve til dei fastsette måla.

I tabellen nedanfor ser vi

Styringsparameterar i tildelingsbrevet	Mål for 2022	Resultat
Talet på saker per årsverk og med ei vurdering av korleis automatiseringa påverkar talet	Auka frå fjaråret	Innfridd
Vurdering av Brønnøysundregistra sine system, rutinar og internkontroll med siktet på korleis dette legg til rette for ei effektiv drift	Meir effektiv drift	Sjå skildring
Vurdering av realiserte og framtidig realiserbare gevinstar ved større og mindre interne omstillingss prosessar	Kostnadsreduksjon	Sjå skildring

Vurdering av talet på saker per årsverk

Tabellen nedanfor viser talet på innkomne saker og talet på produserte saker per årsverk i saksbehandlinga.

Indikatorar	2020	2021	2022
Talet på innkomst saker per årsverk	19 649	20 076	20 605
Talet på produserte saker per årsverk	19 629	20 010	20 606

Innkomsten av saker til registera våre auka med 3 prosent i 2022. Delen heilautomatisk saksbehandling har auka frå 68 prosent i 2021 til 71 prosent i 2022. Dette har bidratt til at vi har produsert fleire saker per årsverk i 2022 enn i 2021. Det har også bidratt til at vi har klart å redusere saksbehandlingstida i Rekneskapsregisteret og Lausøyrreregisteret, som har den høgaste auken i prosentdel heilautomatisk saksbehandling.

Fleksibiliteten i saksbehandlinga er auka ved at fleire tilsette kan behandle saker på tvers av register. Vi gjennomfører derfor kontinuerleg opplæring for å få til dette.

Vurdering av system, rutinar og internkontroll

Målretta og effektiv drift er avgjerande for at vi skal nå måla. Verksemda har system, rutinar og internkontroll som legg til rette for effektiv drift, og vi jobbar kontinuerleg med forbetringar.

I 2022 er det gjennomført fleire forbetringar og forenklingar for å auke effektiviteten, mellom anna:

- Vi har tatt i bruk verktøyet Corporater for å samle planlegging, oppfølging og rapportering innan dei viktigaste styringsområda på éin stad. Det skal bidra til ei meir heilskapleg og effektiv styring av verksemda.
- Det er etablert eit nytt tidsregistreringssystem som skal settast i verk frå 2023, og som skal gi ei enklare og meir effektiv timeføring.
- Vi er i ferd med å utvikle eit nytt intranett som skal gi meir effektiv internkommunikasjon.

- Det er kjøpt inn eit nytt publiseringstøy for nettsider for å utvikle betre maskinelle brukargrensesnitt eksternt, og ei meir effektiv arbeidsflate internt.
- Vi er i prosess for å anskaffe nytt overvakingsutstyr SOC (Security Operation Center) for å kunne handtere truslar og sårbarheiter meir effektivt og systematisk.
- Kompetansestyring som ein integrert del av verksemderstyringa har gjort oppfølginga meir systematisk og effektiv.
- Fleire prosessar er forbetra: mellom anna er innovasjonsprosessen sett meir i system, vi gjennomfører utgreiings- og høyringsprosesser raskare og gjennomføringstida for lønnsforhandlingsprosessen er betydeleg redusert
- I BRsys-prosjektet er det streng kostnadsstyring som har gitt lågare kostnader og mindre administrativ overhead. Nytestyring har ført til kutt i omfang, der det er levert godt nok på minimumsløysingar.
- Arbeidet med å samkøyre første- og andrelinja i telefontenesta som eitt kontaktpunkt, har ført til mindre bruk av ressursar internt og raskare svar for sluttbrukaren.

I seinare tid har vi sett i verk fleire ITIL-prosessar for å effektivisere mellom anna handtering av hendingar, og endringar i systema. I 2022 har vi implementert ITIL-prosessane Release & Deploy, og Patch. Det gjer at vi kan lansere nye tenester og oppdateringar i IT-systema på ein einsarta måte, med støtte i klart definerte prosessar og verktøy. Effekten er auka tryggleik, betre kvalitet og færre feilrettingar.

Vurdering av gevinstar ved større og mindre omstillingsprosesser

Forpliktande plan

Brønnøysundregistera har i ein avtale med Nærings- og fiskeridepartementet forplikta seg til å gjennomføre ein omstillingsprosess for å oppnå auka økonomisk handlingsrom gjennom økonomiske innsparinger på områda lønn, reise og varer og tenester. I 2022 har etaten redusert med til saman sju faste tilsette, av desse er det tre innan saksbehandling, tre innan støtte og ei fagstilling. Samla årleg innsparing på lønn frå og med medio 2020 til og med 2022 er på 11,7 MNOK, noko som er nært opp mot målsettinga på 12 MNOK. Handlingsrommet og større løvyingar har gjort det mogleg å fylle på ressursar og kompetanse innanfor prioriterte satsingsområde. Vi har oppbemanna med til saman tretten nye stillingar, fem innan IT og tryggleik, tre juristar og fem andre fagstillingar.

Årleg innsparing per post	Faktisk 2022	Målsetting 2022
Post lønn	11 700	12 000
Post reise	4 500	5 000
Post varer og tenester	600	600
Sum	16 800	17 00

Reisekostnad er redusert frå 8,5 MNOK i 2020 og innsparinga er 4,5 MNOK, noko som er 0,5 MNOK lågare enn målsettinga. Prisane på flybillettar og hotell har auka ein god del det siste året, i tillegg til redusert rutetilbod hos Widerøe, noko som fører til fleire overnattingar. Etter pandemien har Brønnøysundregistera hatt ein auke i fjernarbeidsavtalar, noko som er bra for rekrutteringssituasjonen, men som aukar reiseutgiftene.

Det blir jobba godt med omstilling og oppfølging av forpliktande plan. For å nå målet på innsparingar i 2025, må ein kutte ytterlegare om lag 16 årsverk. I den same perioden er det 25 årsverk som på grunnlag av alder, er forventa å gå av. Vi er avhengige av at mellom anna automatiseringa i saksbehandlinga går som føresett for at ikkje konsekvensane skal bli for store. Frå manuelt til digitalt

Delen digital innrapportering, delen heilautomatisk saksbehandling og delen digital tilgjengeleggjering har auka samanlikna med fjaråret og har frigjort ressursar til andre oppgåver. Det same gjeld for digital rettleiing.

Ein av dei største omstillingsprosessane Brønnøysundregistera gjennomfører over tid, er overgangen frå manuelle til automatiserte prosessar innanfor registerforvaltning. Ein større del elektronisk innrapportering og heilautomatisk saksbehandling i registera har historisk sett ført til ein betydeleg reduksjon i talet på saksbehandlarar. Digital tilgjengeleggjering har også bidratt. Det har ført til at vi har kunna handtere mellom anna auka saksvolum med dei ressursane vi allereie har. Alternativet hadde vore ein betydeleg auke i behovet for saksbehandlingsressursar som følge av det auka saksvolumet dei siste åra.

Auka heilautomatisk saksbehandling i 2022 har ikkje ført til færre ressursar, men at vi er innanfor måla for saksbehandlingstid for Rekneskapsregisteret og Lausøyreregisteret.

Omstillinga frå manuelle oppgåver til automatisering fører til at i staden for å ha behov for saksbehandlarar, har vi eit auka behov for IT-ressursar. Behovet er derfor stort for kompetansedreiing, noko som også aukar kostnadene.

Organisasjonsstruktur

Det blei sett i verk ein ny organisasjonsstruktur 01.02.2021. Denne har no vore gjeldande i 2 år. Evalueringa av effekten av den nye strukturen viser førebels nokre overordna konklusjonar. For det første har den nye organiseringa på ein effektiv måte handtert dei organisatoriske endringsbehova som oppstod i samband med at mellom anna Altinn blei utskilt til Digitaliseringsdirektoratet. For det andre fungerer den overordna avdelingsinndelinga i hovudsak som tiltenkt. Vi har no ei mindre og meir kompakt toppleiargruppe, og delinga av ansvar mellom drift og utvikling er i hovudsak blitt organisatorisk tydelegare. Dessutan har samlinga av verdikjeda for saksbehandling verka positivt og gitt effektiviseringsgevinstar. Samtidig ser vi at det framleis er uklare punkt i grenseflatene mellom dei nye avdelingane som vi må jobbe meir med. I overgangen til større organisatoriske einingar må vi også vere ekstra merksame framover, då ein på fleire stader opplever at storleiken er utfordrande. I tillegg må vi halde fram med arbeidet med produktorganisering. Samla sett tyder alt på at omorganiseringa overordna har vore positiv, men at det er fleire område vi må følge opp for at organisasjonen skal fungere enda betre.

Produktorganisering

Mange av prinsippa som gjeld for produktorganisering, blir allereie følgde i det praktiske arbeidet i prosjekta og i drifta. Produktorganiseringa har likevel ikkje gått så raskt som vi såg for oss. Årsaka er at hovedtyngda av utviklingsaktivitetane i Brønnøysundregistera går føre seg i store prosjekt.

Overgangen frå prosjekt- til produktorganisering er krevjande, og vi må sikre at ein slik overgang ikkje går ut over leveransane på tid og kost. Det er lagt til rette for at både BRsys og BVR skal vere så produktorganiserte som det sentrale styringsdokumentet og prosjektramma tillèt i løpet av 2023. I tillegg er det køyrt prosessar som legg til rette for at forvaltning, drift og vidareutvikling av områda Teknisk Plattform, Registerplattform, i tillegg til HL1 i Brsys (som mellom anna omfattar Lausøyreregisteret), kan vere heilt produktorganiserte i løpet av første halvdel av 2023.

Parallelt med sjølvé produktorganiseringa arbeider vi med organisatoriske forhold som vil vere avgjerande for at produktorganisering skal fungere etter formålet. Dette dreier seg mellom anna om styringsmodell, roller i produktorganisasjonen og leiar- og medarbeidarskap.

Målet er at produktorganiseringa over tid skal ha desse verknadene:

- Hurtigare og meir kontinuerlege leveransar av verdi for brukaren/kunden
- Høgare brukartilfredsheit
- Betre oversikt over samanhengar mellom utviklingsaktivitetar og meir effektiv skalering
- Auka medarbeidarengasjement og trivsel
- Effektiv overgang frå prosjekt til livsløpsoppfølging av produkt

4.3. Internkontroll, risiko og internrevisjon

Internkontroll

Internkontrollen vår er i tråd med instruksen frå Nærings- og fiskeridepartementet, og reglement og føresegner om økonomistyring i staten. Vi har i all hovudsak målretta og effektiv drift, og har påliteleg rapportering. Det har ikkje vore avdekt brot på lover og regelverk som har ført til vesentlege eller uheldige konsekvensar for brukarane, tenester, omdømme og/eller tillit til oss. Ei oppetid på systema våre på 99,94 prosent har gitt operativ drift utan vesentlege avbrot for tenestene. Gjennom HMS-avvikssystemet vårt har vi mottatt to avvik som er behandla og lukka. Det er ikkje avdekt kritiske tryggingshendingar, og elles har det vore få alvorlege feil og andre tryggingshendingar. Vi reknar avvik, svakheiter og feilmeldingar for å vere følgde opp.

Brønnøysundregistera vil halde fram med arbeidet med å forbetre internkontrollen som ein del av den heilskaplege verksemdsstyringa.

Risikostyring

Den overordna risikovurderinga for måloppnåing og oppfølging følger retningslinjene frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, og er dokumentert i tråd med gjeldande krav i økonomiregelverket.

Gjennom året har risikobiletet variert. Vi har identifisert nye risikofaktorar; nokre er utgårte, mens andre er vedvarande risikoar trass i planlagde og iverksette tiltak. Status ved slutten av året:

- Det er framleis utfordrande å ha tilstrekkelege ressursar til arbeidet med informasjonstryggleik, og til drift og forvaltning av system. Sjølv om vi har tiltak, vil risikoen for alvorlege tryggingshendingar vare ved ettersom det digitale trusselbiletet blir stadig meir komplekst.
- Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har ikkje vore i samsvar med måla for Einingsregisteret og Føretaksregisteret som følge av ein auke i saker til manuell behandling i desse registera. I tillegg har redusert kapasitet påverka saksbehandlingstida. Som følge av prioritering og ressurstilførsel forventar vi å vere innanfor det oppsette målet 1. juni 2023.
- Det er ei vedvarande utfordring å få rekryttet ressursar, og halde på kritisk kompetanse, særleg teknologisk kompetanse. Enkelte sentrale roller og funksjonar er det ikkje tilsett nokon i enda, det gjeld mellom anna internrevisor. Ei vidareføring av arbeidet med rekrytering, mobilisering for kompetanseutvikling, og ein ny og betre prosess for strategisk kompetansestyring kan ta ned risikoen på sikt. I tillegg er vi heilt avhengige av at marknaden for teknologisk kompetanse betrar seg.
- Digitaliseringsdirektoratet har varsla utfasing av Altinn II. Vi har levert eit satsingsforslag for 2024 for å sette opp verksemda sine tenester på nytt på Altinn 3. Risikoen er at tenester som ikkje er etablerte på nytt innan utfasinga, vil slutte å fungere for brukarane.
- Brønnøysundregistera driftar og held ved like to plattformer (gammal og ny) samtidig. Kompleksiteten aukar etter kvart som registera blir overførte til den nye plattforma, mens aukande teknisk gjeld i dei gamle systema gjer dei meir sårbarare. Vi skal kartlegge sårbarheiter på begge plattformene, og dette vil bidra til systematiske utbetringar. I tillegg skal vi utarbeide eit satsingsforslag for overføring av registera som står att etter at BRsys er ferdig.

- Prosjekt BRsys har forseinkingar på framdrifta i leveransar knytte til hovudleveranse 1 og 3. Det er venta at resultatet betrar seg i 2023.

Eit nytt rammeverk for risikostyring som er under utarbeiding, skal bidra til ei meir felles og einsarta risikostyring i Brønnøysundregistera.

Internrevisjon

I desember 2020 vedtok ein å innføre internrevisjon som funksjon, men vi har ikkje lykkast i å rekruttere internrevisor til stillinga. Arbeidet med rekruttering held fram.

4.4. Ekstern revisjon

Riksrevisjonen gjennomførte i 2020/21 ein gjennomgang av BRsys-prosjektet som del av ein større revisjon av Brønnøysundregistera. I rapporten frå Riksrevisjonen rettar ein kritikk mot prosjektet mellom anna om forseinkingar og redusert omfang, og følgene dette får for informasjonstryggleiken. Det er gjennomført ei rekke tiltak for å imøtekommе kritikken. Desse endringane er inkluderte i revidert styringsdokument, og styringsprosessane har blitt styrkte både internt hos oss og i dialogen mellom etaten og Nærings- og fiskeridepartementet.

Brønnøysundregistera følger opp rapporten frå Riksrevisjonen sin revisjon av etterleving frå 2021 av arbeidet vårt med informasjonstryggleik, og tilsyn utført av NSM knytt til etterleving av tryggingslova frå 2022. Avvika og funna frå rapportane er knytte til både tryggleiksstyring og operasjonalisering av informasjonstryggleiken. Fleire av avvika frå NSM sin tilsynsrapport har tilsvarende funn som i revisjonsrapporten frå Riksrevisjonen. Nokre av desse avvika blei lukka i 2022, og vi forventar å lukke dei resterande i løpet av 2023.

Tiltaka knytt til operasjonalisering av tryggleik blir primært handtert gjennom cybertryggingsprogrammet. Sjå nærmere omtale under kap. 4.7.

Riksrevisjonen sin revisjon av rekneskapen for 2021, både interimsrevisjon og årsavslutningsrevisjon, viser ingen vesentlege feil og manglar.

4.5. Offentlege anskaffingar

Anskaffingar er strategisk viktige for styringa av verksemda. Vi gjennomfører anskaffingar i samsvar med anskaffingsregelverket, i prioritert rekkefølge og i samsvar med interne rutinar. Før ein går i gang med anskaffingar, må ein ta omsyn til fleire forhold, mellom anna budsjett, interne ressursar, informasjonstryggleik, habilitet, skjermingsverdige objekt/informasjon og GDPR.

Når ein bruker konsulenttenester i stadig større grad, aukar også behovet for å følge opp leveransar og kostnadskontroll på ein god måte. Brønnøysundregistera arbeider med å forbetre leverandørstyringa og å sikre seg tilstrekkeleg kapasitet på heile anskaffingsprosessen.

4.6. Bemanning og personalforvaltning

Sjukefråvær

Etter ei positiv utvikling i sjukefråværet i 2021 auka det i 2022. Det samla sjukefråværet enda på 6,3 prosent, ein auke på over eitt prosentpoeng frå 2021. Det er godt over målsettinga som er på 5,5 prosent. Auken kjem av høgare sjukefråvær hos kvinner, mens sjukefråværet for menn ligg på det same nivået som i 2021.

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over det samla sjukefråværet, legemeldt sjukefråvær, legemeldt sjukefråvær kvinner og legemeldt sjukefråvær menn.

Sjukefråvær	2020	2021	2022
Samla sjukefråvær frå eige system (eigenmeldt og legemeldt)	6,1 %	5,2 %	6,3 %
Legemeldt	4,8 %	4,1 %	4,6 %
Legemeldt kvinner	6,8 %	5,5 %	6,5 %
Legemeldt menn	2,4 %	2,6 %	2,5 %

Sjukefråværet i Brønnøysundregistra ligg over gjennomsnittet for tilsette i staten, men godt under arbeidslivet generelt. Ifølge Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (statens arbeidsgivarportal) var det samla sjukefråværet (eigen- og legemeldt) for 3. kvartal 2022 blant arbeidstakarar i staten på 4,3 prosent. Det samla sjukefråværet i staten er lågare enn i arbeidslivet generelt, som hadde eit samla sjukefråvær for 3. kvartal 2022 på 6,5 prosent. I den same perioden hadde Brønnøysundregistra eit samla sjukefråvær på 5,1 prosent.

Alderssamansettning

Brønnøysundregistra har ein stor del arbeidstakarar mellom 40 og 59 år. Verksemda har ein livsfaseorientert personalpolitikk, og det er eit mål at 12 prosent av dei tilsette skal vere under 35 år. Vi gjennomfører tiltak for at unge arbeidstakarar skal oppleve verksemda som ein attraktiv arbeidsplass, deriblant BR Ung og tiltak knytte til rekruttering. I 2022 var talet på arbeidstakarar under 35 år på 14,5 prosent. Dette er ein auke på 5,9 prosentpoeng frå 2021.

Tabellen nedanfor viser talet på tilsette innan dei ulike arbeidsgruppene.

Aldersgruppe	Tal	Prosent
18–19	0	0 %
20–29	21	5 %
30–39	55	13 %
40–49	94	23 %
50–59	169	41 %
60 og eldre	77	19 %
Sum	416	100 %

Likestilling og diskriminering

Brønnøysundregistra skal ha eit godt arbeidsmiljø, med likestilling og mangfold. Vi har nulltoleranse for diskriminering på grunnlag av etnisitet, seksuell legning, alder, kjønnsidentitet, religion, funksjonsnedsetting eller redusert arbeidskapasitet. I 2022 har etaten i tråd med aktivitetsplikta vår, kartlagt risiko for diskriminering og hinder for likestilling. Resultatet av risikoanalysen gir eit inntrykk av at det ikkje er store utfordringar når det gjeld likestilling og diskriminering ved BR. To område blei vurderte til å ha ein noko høgare risiko, og desse følger vi opp med tiltak.

BR lyser berre ut heile stillingar, og har som ei følge av dette ikkje ufrivillig deltid.

Tilstandsrapporteringa for likestilling kan vi sjå i vedlegg 1.

Kompetanse og rekruttering

For å sikre at vi er ein attraktiv og fleksibel kunnskapsorganisasjon, må rett kompetanse vere på plass til rett tid. Dei tilsette må styrke kunnskapen, ferdighetene og haldningane sine i møtet med kompetansebehova i framtida.

I strategiarbeidet er det vurdert at kompetanse er ein kapabilitet (evne) som skal styrkast. I 2022 implementerte vi arbeidet med strategisk kompetansestyring. Det inneber at avdelingane utarbeidde ein strategisk kompetanseplan for avdelinga si. Konkrete tiltak for kompetansebygging uteier ein frå denne overordna planen, som er eit styrande verktøy for avdelingane i kompetanearbeidet deira.

Ein skal gjennomgå kompetanseplanen i tråd med verksemddsstyringsprosessen og endre han når ein reviderer den overordna strategien. Prosessen har ei forskingsbasert tilnærming, blir støtta av beste praksis og er tilpassa verksemda og verksemddsstyringa. Vi arbeider etter prinsippa om ein smidig prosess, der verksemda erfarer, forbetrar og justerer kontinuerleg.

Brønnøysundregistera opplever framleis rekrutteringsutfordringar, særleg ved rekruttering av fagpersonar med lang erfaring innanfor IT. For å få rekruttert har verksemda endra enkelte av utlysingane frå senior- til juniornivå, i tillegg til at ein bruker verkemiddel som dekning av flyttekostnader og husleige dei første 6 månadene. 12 stillingar har vore lyste ut fleire enn éin gong. Dette er stillingar innan ulike fagfelt som for eksempel IT, internrevisjon, personvern og leiing.

I 2022 gjennomførte vi fleire rekrutteringsaktivitetar for å synleggjere kompetansebehovet vi har. Ein ny aktivitet var gjennomføringa av eit «juletreff». Det var eit arrangement i samarbeid med Heile Helgeland og næringslivet i regionen. Målet med arrangementet var å synleggjere jobb- og karrieremoglegitetene i regionen, og det var spesielt retta mot studentar som var heime på juleferie, men også for andre interessentar. Det var stor oppslutning om arrangementet, og vi vurderer derfor å gjennomføre eit slikt treff også i 2023.

Hausten 2022 starta vi revisjonen av HR-strategien i verksemda. Frå 2023 kjem han også til å innehale ein eigen delstrategi for rekruttering. Føremålet er å sikre eit enda større strategisk fokus på arbeidet med rekruttering.

4.7 Andre føringer

Bruk av konsulentar

Brønnøysundregistera har rekneskapsført kjøp av konsulenttenester for 135,6 MNOK for 2022. Det er store utfordringar med å bemanne opp prosjekt med rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet. Vi kjøper i hovudsak konsulentbistand til utviklingsprosjekt og der vi manglar ekspertkompetanse, men det vil også vere innleige knytt til drift/forvaltning. Det kan vere ekspertkompetanse som er av mellombels karakter og/eller at det er utfordringar knytte til rekruttering. Behova til prosjekta er mellombels, og ein treng auka kapasitet og ulik kompetanse i periodar, og behovet vil variere frå år til år. Det er ikkje kjøpt tenester frå kommunikasjonsbransjen i 2022.

Lærlingar

Brønnøysundregistera har læreplasser innanfor fagområda Service- og administrasjon, IT-drift og IT-utviklar. Hausten 2022 starta opplæringa i det nye lærefaget IT-utviklar.

Vi ønsker å auke talet på lærlingar, men det er litra interesse for læreplassar innan service og administrasjon.

Vi legg til rette for, og tar inn, studentar i praksis under utdanninga. I 2022 tok vi imot ein student i praksis ved seksjonen for Jus.

Oppfølging av tryggleik og beredskap

Brønnøysundregistera held fram arbeidet sitt med å forbetre både tryggleiksstyringa og operasjonalisering av informasjonstryggleiken. Arbeidet med å oppnå den ønskete tryggleiken er langsiktig og fordrar endringar i styring, kompetanse og arbeidsprosessar. Vi ser dette arbeidet i samanheng med styringa av verksemda elles.

Cybertryggingsprogrammet tar føre seg heile tryggingsverdikjeda frå risikovurdering til dokumentert etterleving av tryggingskrav. Programmet er godt i gang, er planlagt gjennomført over tre år (2022–2025) og består av tre prosjekt.

Prosjekt 1 er *Risikostyring og handtering*; der det er levert ei ny verdivurdering, oppdatert rammeverk for risikostyring, oppdatert trusselbilete og oppdatert risikovurdering. Risikooversikta er input til prioriterte tryggingstiltak i program og linje, oppdatering av planverket for beredskap og styringssystem for informasjonstryggleik.

Prosjekt 2 handlar om *Basis cybertryggleik*; der ein utfører identifiserte tiltak som reduserer risiko og bygger tryggleik. Det handlar om tryggleiksovervaking, forbetringar innan applikasjons- og infrastrukturtryggleik, auka IT-motstandsevne, oversikt over verdiar, og ei rekke tekniske og dokumentasjonsmessige tryggingstiltak.

Prosjekt 3 omfattar ei oppdatering av *Styringssystem Informasjonstryggleik*; i tillegg til å definere og plassere inn *Operasjonsmodell for Cybertryggleik* i organisasjonen. Det er også inkludert relevant tryggleiksoplæring for dei ulike personellgruppene, som ein del av risikoreduksjon og tryggleiksbygging.

Gjennom dette arbeidet følger vi også fleire av dei tekniske tilrådingane og tiltaka gitt gjennom Nasjonal strategi for digital tryggleik. Gjennom operasjonalisering av cybertryggleik blir NSMs grunnprinsipp for IKT-tryggleik nytta aktivt slik at dei viktigaste prinsippa og tiltaka heile tida blir prioriterte.

Brønnøysundregistera er underlagt tryggingslova og skal kartlegge avhengigheiter. Gjennom hausten 2022 er det analysert og identifisert eksterne avhengigheiter for dei mest kritiske registera vi forvaltar, og ut ifrå samfunnsoppdraget verksemda har. Arbeidet bidrar samla til å skildre dei mest kritiske verdiane i verksemda, og på denne måten definere verdikjeda Brønnøysundregistera er del av.

Det er nødvendig å arbeide mot felles mål i offentleg sektor for å definere verdikjeder og avhengigheiter, og sjå dette i eit samla trusselbilete. Det finst ikkje formelle trusselvurderingar eller risikovurderingar som skildrar avhengigheiter i tverrgåande og samanhengande verdikjeder og system som tenestene og løysingane våre inngår i.

Hausten 2022 blei det tatt eit initiativ med å samordne etatane som forvaltar dei nasjonale felleskomponentane, med informasjonsdeling, koordinering og handtering av større nasjonale hendingar som rammar ein eller fleire av dei nasjonale felleskomponentane. Det er viktig å få ei betre samordning med offentlege verksemder som har ein samfunnskritisk funksjon. Særleg retta mot tenester som påverkar dei nasjonale felleskomponentane våre og tenester som går på tvers av fleire etatar og verksemder.

Brønnøysundregistera har, ut ifrå det nasjonale risiko- og trusselbiletet, utarbeidd ein eigen trusselrapport med tilhøyrande dimensjonerande risikoscenario. Trusselrapporten konkluderer med at Brønnøysundregistera ikkje er unntatt dei generelle trendane i dagens trussellandskap. Trusselaktørane varierer i motivasjon, kapasitet og kapabilitet, og vi vurderer det som høgst

sannsynleg at ringverknadene frå eit vellykka angrep mot verksemda har potensiale til å skape vesentlege forstyrringar for både verksemda og det norske samfunnet sett under eitt.

Verksemda arbeider systematisk og målretta med å styre tryggleiksrisiko, for å identifisere og avdekke forhold som kan gjøre det vanskeleg for verksemda å utøve samfunnsoppdraget sitt. Dei dimensjonerande risikoscenarioa blir nytta til å både styrke og styre arbeidet med informasjonstryggleik, og oppnå ei risikobasert styring. I tillegg blir det gjennomført verdivurderingar av dei mest kritiske tenestene og løysingane i verksemda. Vurderingane baserer vi på *Konfidensialitet, Integritet og Tilgjengeleghet (KIT)* for å rangere kritikaliteten til registera. På grunnlag av tryggleiksrisikoen og verdivurderinga set vi i verk risikoreduserande tiltak for å redusere sannsynet for at truslane oppstår.

Brønnøysundregistera deltar som partner i Nasjonal Sikkerhetsmyndighet sitt nasjonale cyber-tryggingssenter. Samarbeidet bidrar til at verksemda får tilgang til informasjon og kompetanse som kan hjelpe ved konkrete hendingar, truslar og sårbarheiter.

Gebyr- og avgiftsfinansiering

På nettsidene våre finn ein informasjon om gebyr for tenestene under Brønnøysundregistera. Gebyrstrukturen til Brønnøysundregistera blir greidd ut av Nærings- og fiskeridepartementet, og forslag til ny gebyrstruktur har vore på høyring. Det har komme ei rekke innspel frå ulike interessentar. Inntil den nye gebyrstrukturen er vedtatt finn Brønnøysundregistera det føremålstenleg å vente med å synleggjere dei utrekningane som ligg til grunn, og dei kostnadene som inngår for gebrysatsane.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Ifølge NHO har Noreg eit høgt tillitsnivå. Vi stoler på kvarandre, og på styresmaktene. Tillit har ein økonomisk verdi. Tillit lettar økonomisk samkvem, reduserer behovet for kontroll og tilsyn, og for rigide og detaljerte avtalar. For å halde tilliten på dagens nivå må vi framleis klare å bygge eit inkluderande, ope og transparent samfunn. 2020–2030 blir eit tiår der dei neste trekka våre skal sikre ein god overgang mellom der vi er sterke i dag, og der vi skal vere sterke i morgon. FN sine berekraftsmål skal nåast, klimagassutslepp skal kuttast, vi skal bevare eit anstendig arbeidsliv med eit sterkt trepartssamarbeid og høg tillit, og vi skal halde fram med å handle med omverda. Eit norsk næringsliv med ambisjonar om å vinne verdsmeisterskap treng ein offensiv og ambisiøs offentleg sektor.

Samfunnsoppdraget vårt er å bidra til auka verdiskaping gjennom å vere ein nasjonal registerførar og ei datakjelde. Vi skal forvalte registerdata på ein måte som gir tryggleik, orden og oversikt for næringslivet, frivillig sektor, innbyggjarane og offentleg sektor. Ved å gjennomføre samfunnsbidraget vårt og vere ein innovativ etat, bidrar vi gjennom registera og dataa våre til å bygge tillitsinfrastruktur.

Tilliten og fornyinga av samfunnet blir utfordra

God informasjonstryggleik i alle register og tenester i etaten er avgjerande for å vareta tilliten hos brukarane. Forvaltninga av registera våre, og evna vi har til å levere sikre og brukarvennlege tenester, påverkar tilliten i samfunnet. Nasjonal sikkerhetsmyndighet skildrar i rapportane sine eit trusselbilete i stor endring. Gjennom året har vi opplevd sabotasje av røyrleidningar som forsyner Europa med gass. Ulovleg droneflyging og fleire tenestenektangrep som var eigna til å skape uro og uvisse i befolkninga. Brønnøysundregistera har starta eit nytt cybertryggleiksprogram for å møte det auka trusselnivået. Hovudfokus for programmet vil i åra framover vere å sikre at vi etterlever krava til god informasjonstryggleik og arbeider førebyggande med tryggleik. Framover er det viktig at offentleg sektor arbeider mot eit felles mål for å definere verdikjeder og avhengigheiter, og sjå dette i eit samla trusselbilete. I dag finst det ikkje formelle trusselvurderingar eller risikovurderingar som skildrar avhengigheiter i verdikjedene.

Med utgangspunkt i registera våre er Brønnøysundregistera ein naturleg samarbeidspartnar i arbeidet med å **førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet**. I framtida kan dataa våre, saman med erfaringa og kunnskapen vår, bidra til nye innovative løysingar på området som gir meirverdi til dette arbeidet. Registeret over reelle rettshavarar er eit godt eksempel på korleis auka transparens og tilgjengelegheit av data kan bidra til å førebygge økonomisk kriminalitet.

Auka bruk av künstig intelligens gir ny innsikt

Künstig intelligens skaper store endringar og nye moglegheiter. Generativ KI – künstig intelligens som skaper nytt innhald som liknar på noko som allereie finst, tekst, bilet, lyd eller kode, slik mellom anna GitHub Copilot og ChatGPT gjer – har fått mykje merksemd. Dette skaper også fokus på korleis etikk og KI møtest. Frå å automatisere regelstyrt behandling, til i tillegg å la algoritmar gjere val, må vi dokumentere og tilgjengeleggjere korleis ein trener algoritmane, slik at vi oppnår likebehandling og kan etterprøve dette. Det er ein klar føresetnad at vi kan stole på «KI-kollegaene» våre. KI gir oss nye moglegheiter til å jobbe med kontroll og etterkontroll i saksbehandlinga, noko som gir betre kvalitet.

Brønnøysundregistera har allereie hausta gevinstar av maskinlæring innan støtte til næringskoding. Vi vurderer no å ta i bruk künstig intelligens innanfor førebygging av arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet. Vi skal bygge opp kompetansen rundt data science, som igjen skal gi oss meir innsikt om brukarane. KI utviklar seg i rasande fart, og vi vil følge dette området nøye.

Berekraft

Ein fersk rapport frå Norad tyder på at verda er svært langt unna å nå berekraftsmåla innan 2030. Brønnøysundregistera har bestemt at **berekraft skal vere styrande for avgjerdene våre**. Derfor har vi tatt initiativ til å koordinere relevante samarbeidspartnarar innan berekraftsområdet. Vi skal bidra til at små og mellomstore verksemder ikkje opplever ei vesentleg auka rapporteringsbyrde på berekraftsområdet. Dei skal bidra med kunnskapen sin om kva som skal til for å utvikle ei løysing som vil gjere rapporteringsbyrda så lita som mogleg. Samtidig skal næringslivet og samfunnet få enkel og effektiv tilgang til berekraftsrapportar med god kvalitet. Ambisjonen vår er å gjere berekraftsrapportering til eit konkurransefortrinn for norsk næringsliv, og ikkje ei rapporteringsbyrde.

Er digital utanforskap eit sjukdomsteikn ved eit moderne digitalt samfunn?

Digitaliseringsdirektoratet avdekte nyleg at 14 prosent av befolkninga i Noreg opplever digital utanforskap. Dette er ein stor del av brukarane våre, og befolkninga blir eldre. Derfor må vi ha førebyggande tiltak for å hindre utanforskap. Det vil vere avgjerande for eit berekraftig samfunn. Det blir viktig for oss å ikkje bygge tenester som ekskluderer dei som ikkje forstår eller ikkje har digitale evner.

Digital ressurskrise

Det nyaste kompetansebarometeret til NHO viser at 2 av 3 NHO-bedrifter har eit udekt kompetansebehov, og mangelen på ingeniørar og IKT-kompetanse er stor. **Noreg står overfor ein betydeleg digital ressursutfordring**. Mangelen på folk med teknologisk kompetanse fører til digital tilbakegang og ein markant kostnadsauke for dei fleste verksemder i Noreg. Ifølge IKT Norge kjem vi til å mangle 40 000 hovud med teknologikompetanse i 2030! Kva skjer med marknaden når vi ikkje får rekruttert teknologar?

Brønnøysundregistera treng, og kjem til å trenge, stadig fleire teknologar med ulik kompetanse og ulike faglege interesser. Nye digitale, hybride krigstruslar gjer det enda meir utfordrande for verksemder å rekruttere spesialistar innan cyberforsvar. Vi og brukarane ønsker nye og betre digitale tenester. Aukande krav til personvern, betre digital brukaroppleveling og søkelys på berekraft gir nye behov og høve til å forbetre og utvikle felles digitale tenester.

Digital plattform

Vi har bygd ei ny registerplattform som kan dekke behov for fleire. Det er kostbart å drifta og forvalte moderne teknologiske løysingar, rammevilkåra vil for alle i offentleg sektor bli strammare. Det er derfor viktig å dele kostnadene på fleire. Vi vil derfor tilby offentlege aktørar som skal modernisere eller etablere eit register eller ei registerliknande teneste, å gjere det på vår plattform. Slik gjenbruk vil både vere samfunnsøkonomisk smart, og vere ei berekraftig løysing.

Digitale felleskomponentar

Offentleg sektor har etablert ei rekke opne, gjenbrukbare løysingar som kan nyttast i utviklinga av offentlege digitale tenester. Altinn og Einingsregisteret er eksempel på slike byggeklossar. Ved å ta i bruk fellesløysingar kan kvar enkelt verksemd rette merksemda mot faglege utfordringar, heller enn å utvikle funksjonalitet andre etatar allereie har laga. Ei utfordring no og i åra framover for kvar enkelt etat, er det å finansiere endringar som følge av oppgraderte felleskomponentar. Ei aktuell utfordring for Brønnøysundregistera er den pågående oppgraderinga av Altinn.

Brønnøysundregistera er ein av fleire etatar som søker om finansiering for å få re-etablert tenestene på Altinn 3.0 gjennom eit satsingsforslag. Erfaringa frå dette arbeidet er at det er eit aukande behov framover for gode finansieringsordningar, ikkje berre for sjølv fellesløysingane, men også for tenestene som nyttar fellesløysingar, men som blir forvalta av andre etatar.

Samskaping som drivkraft for innovasjon

Når marknaden blir støvsuga for ressursar og gode talent, må vi leite etter nye og smartare måtar å løyse oppgåvane på. Ny teknologi som blokkjede og digitale lommebøker opnar for nye moglegheiter for å dele data, der ein endrar ansvarsdelinga mellom offentleg sektor og verksemndene. Offentleg sektor legg til rette for verifiserbar informasjon om verksemda, mens verksemndene sjølve tar ansvar for delinga. I tillegg blir det lettare å dele mellom landa.

Brønnøysundregistera har etablert eit sandkassemiljø der vi utfører eksperiment og kartlegg utfordringar med ny teknologi som blokkjede og digitale lommebøker. Her arbeider vi saman med FinTech-bedrifter, finansnæringa og offentleg sektor for å sjå på moglegheitene innanfor ny teknologi og eigarskapsinformasjon (BRØK). Vi deltar også i to EU-prosjekt med mellom anna nordiske søsterorganisasjonar på området, og vil i åra som kjem hauste verdifulle kunnskap om moglegheitene her.

Det er ikkje berre ny teknologi som gjer det mogeleg å yte betre og rimelegare tenester. I 2022 leverte Brønnøysundregistera det første steget på vegen mot ei endring av korleis vi leverer nokre av tenestene våre. I samarbeid med finansbransjen flytter «Digital selskapsetablering» brukargrensesnittet for prosessar som stiftelse, kvitvaskingskontroll og registrering ut til bankane sine eigne system og rekneskapssystem. Det gir brukaren ei saumlaus oppleveling og betre kvalitet til Einingsregisteret og Føretaksregisteret, og kortare saksbehandlingstid. Vi skal utforske denne tenesta og dette utviklingskonseptet vidare med fokus på korleis vi kan utvide det til andre selskapsendringar. Det sentrale her er korleis bankar o.l. i større grad tar ansvar for den samanhengande tenesta og brukaropplevelingen.

Vi førebur oss for framtida

Dersom vi skal nå måla våre og samtidig bidra til berekraftsmåla, handtere eit endra trusselbilete og sikre rekrutteringa, må vi sjå moglegheiter i dei samfunnsendringane vi står overfor, innanfor endra økonomiske rammevilkår. Det er viktig å tenke nytt, mellom anna blir kunstig intelligens og innovasjon stadig viktigare.

Færre hender i arbeid vil krevje auka samskaping, og vi må utvikle nye tenester raskare, enklare og meir økonomisk, og samtidig hindre digitalt utanforskap. Brønnøysundregistera må halde fram arbeidet sitt med å utvikle tenester saman med privat, frivillig og offentleg sektor. Vi må gjenbruke kompetanse og data, og leve opp til "berre éin gong"-prinsippet.

Gjennom dei strategiske satsingsområda våre legg vi til rette for å møte utfordringar og moglegheiter:

- Data og tenester med riktig kvalitet og god informasjonstryggleik
- Seriøsitet i samfunnet ved å førebygge økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet
- Digitalisering med ny tenesteplattform
- Samanhengande tenester med brukarane i sentrum
- Verdiskaping, innovasjon og berekraftig omstilling gjennom samarbeid i næringslivet og frivillig sektor
- Framtidig behov for rett kompetanse og kapasitet



VI. Årsrekneskap

Årsrekneskap 2022 – Kommentarar frå leiinga

Føremål

Brønnøysundregistra blei oppretta i 1988 under Justisdepartementet og er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Verksemda er eit ordinært forvaltningsorgan og som frå 2017 fører verksemdsrekneskapen i samsvar med statlege rekneskapsstandardar. Brønnøysundregistra utøver utviklings- og forvaltningsoppgåver for viktige målområde, mellom anna Lausøyregisteret, Føretaksregisteret og Einingsregisteret. Verksemda skal bidra til regjeringa sitt arbeid med å fornye, forbetre og forenkle for næringsliv og innbyggjarar.

Som det går fram av prinsippnoten er Brønnøysundregistra eit ordinært forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med periodiseringsprinsippet. I tillegg rapporterer vi til den sentrale statsrekneskapen etter kontantprinsippet jf. Note A og B.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med føresegner om økonomistyring, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Nærings- og fiskeridepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilet av løyingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld i Brønnøysundregistra.

Vesentlege forhold etter kontantprinsippet

Brønnøysundregistra sine utgifter til registerdrifta er på totalt 466,1 MNOK. Samanstilt med løyingane gir dette ei mindreutgift på til saman 33,9 MNOK. Når ein tar omsyn til ei mindreinntekt på oppdragsinntekter på 3,5 MNOK, gir dette eit mogleg overført beløp på 30,4 MNOK til 2023. Mindreforbruket er mellom anna knytt til vakante stillingar som kjem av utfordringar med rekrutteringa. Samla utgjer dette 8,7 MNOK. Cybertryggingsprogrammet er forseinka mellom anna på grunn av forseinka anskaffing av tenesta «Security Operation Center», og utgiftene er 5,8 MNOK mindre enn planlagt. Prosjektet Rett frå start er forseinka, noko som utgjer 5,6 MNOK. Det er i tillegg mindre kostnader på fleire aktivitetar enn planlagt. Vidare er det kome på kostnader i 2022 som forfell til utbetaling i 2023.

Gebyrinntektene Brønnøysundregistra hadde i samband med registerdrifta var på 581,9 MNOK for 2022. Det er 22,4 MNOK meir enn den samla tildelinga, og dette kjem i hovudsak av større inntekter for firmaregistrering og tinglysing.

Brønnøysundregistra sine utgifter til ny registerplattform er på 103,8 MNOK. Samanstilt med løvvinga gir dette ei mindreutgift på 73,5 MNOK som mogleg overføbart beløp. Mindreforbruket kjem av lågare timeforbruk enn planlagt, mellom anna på grunn av prioriteringa av arbeidet med kompensasjonsordninga for næringslivet. I tillegg har det vore betydeleg mindre forbruk knytt til maskinvare og lisensar.

Det er gjort investeringar i immaterielle eidedelar og varige driftsmidlar etter kontantprinsippet for 105,9 MNOK 2022. Dei mest vesentlege investeringane er knytte til ny registerplattform og andre utviklingsprosjekt.

I løvingsrapporteringa går det fram at det over kompensasjonsordninga for omsetningsfall blei utbetalt tilskot/refusjonar for 464,3 MNOK. Tilsvarande tal for kompensasjonsordninga for innreisekarantene er 4,2 MNOK. Det er rapportert tilbakebetaling av tilskot frå kompensasjonsordninga frå føregående år (2021) under tilfeldig inntekter på totalt 25,2 MNOK i løvingsrapporteringa. 113,6 MNOK etter omgjering av tilskot for kompensasjonsordninga for omsetningsfall for året 2021 er ført mot tilskotsposten og ikkje som tilfeldig inntekt i 2022. Dette er korrigert i artskontorrapporteringa og tilfeldige inntekter frå kompensasjonsordninga 2021 utgjer 138,8 MNOK. I samsvar med den periodiserte rekneskapen utgjer utbetaling av tilskot for kompensasjonsordninga for omsetningsfall 571,2 MNOK (Note 13) og tilbakebetalingar for tilsvarande ordning relatert til utbetalingar i 2021 utgjer 144,4 MNOK (Note 12).

Rapportert mellomvære med statskassen er 20 535 350 kroner per 31.12.21. Mellomvære består av skuldig skattetrekk, avsett pensjonspremie til SPK og skuldige offentlege avgifter. Spesifisering av rapportert mellomvære og bokført avrekning med statskassen går fram av Note 7 B.

Vesentlege forhold etter periodiseringssprinsippet

Det er i perioden aktivert immaterielle eidedelar for 18,3 MNOK, og det er bokført immaterielle eidedelar for 123,5 MNOK under utføring. Dette er i hovudsak knytt til ny registerplattform og andre utviklingsprosjekt.

Inntektene frå gebyr er reduserte med 110,0 MNOK samanlikna med 2021. Det kjem i hovudsak av at verksemda frå og med verksemdsåret 2022 ikkje lenger rekneskapsfører inntekter frå tvangsførte for Domstolsadministrasjonen.

Talet på årsverk har auka med 5 til 412 samanlikna med 2021. Auken kjem i hovudsak av auka oppdragsportefølje og satsing på informasjonstryggleik. Auken i lønnskostnader kjem i hovudsak av bruk av mellombels tilsette, lønnsvekst og auka lønnspress for å rekruttere og halde på tilsette med rett kompetanse. Det er balanseført lønn til 62,0 MNOK til eigenutvikling av register. Andre driftskostnader er reduserte med 55,3 MNOK samanlikna med 2021. Dette kjem av at verksemda frå og med 2022 ikkje lenger rekneskapsfører til utgifter på vegner av namsmyndigheitene.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Brønnøysundregistra. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. Vi reknar med at revisjonsmeldinga er klar innan 15. mai 2023. Årsrekneskapen blir publisert på nettsida til Brønnøysundregistra 1. mai 2023 og revisjonsmeldinga blir publisert når ho legg føre.

Brønnøysund, 15. mars 2023



Lars Peder Brekk

Direktør

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Brønnøysundregistera er utarbeidd og avglagt etter nærmare retningslinjer fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmere føresegner i rundskriv R-115 av november 2019 frå Finansdepartementet, og eventuelle tilleggskrav fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet.

Oppstillinga av løvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løvings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemde skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *“Netto rapportert til løvingsrekneskapen”* er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene pkt. 3.7.1. Brønnøysundregistera har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til eit nytt år.

Løvingsrapporteringa

Oppstillinga av løvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittelet/posten til ei anna verksemde (belastingsfullmakter) er ikkje synlege i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og vi ser dei i kolonnen for rekneskap 2022.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og blir derfor ikkje vist som inntekt i artskontorrapporteringa.

Løyvingsrapportering 31.12.2022

Utgifts-kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling for 2022	Rekneskap 2022	Meirutgift (-) og mindreutgift
0540	Digitaliseringsdirektorat et	25	Medfinanseringsordning for digitaliseringsprosjekt			4 348 593	
0900	Nærings- og fiskeridepartementet	25	Forvaltning og utvikling av kompensasjonsordning			27 720 426	
0900	Nærings- og fiskeridepartementet	85	Mellombels kompensasjonsordning for omsetningsfall			464 275 488	
0900	Nærings- og fiskeridepartementet	80	Kompensasjonsordninga for innreisekarantene			4 205 432	
0904	Brønnøysundregistra	01	Driftsutgifter	A,B	418 789 000	399 188 542	19 600 458
0904	Brønnøysundregistra	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	A,B	81 332 000	66 949 172	14 382 828
0904	Brønnøysundregistra	45	Større utstyrsskaffingar, <i>kan overførast</i>	A,B	176 982 000	103 874 313	73 107 687
1400	Klima- og miljødepartementet	21	Særskilde driftsutgifter KMD, <i>kan overførast</i>			5 000 000	
1400	Klima- og miljødepartementet	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>			1 209 098	
1633	Nettoordning, statleg betalt mva.	01	Driftsutgifter			57 291 279	
<i>Sum utgiftsført</i>					677 103	1 134 062 343	

Inntekts-kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla tildeling for 2022	Rekneskap 2022	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3410	Domstolane	01	Rettsgebyr – tvangsførretninger		-7 110 482	
3904	Brønnøysundregistra	01	Gebyrinntekter	559 514 000	-581 933 569	-22 419 569
3904	Brønnøysundregistra	02	Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter	32 276 000	-28 730 035	3 545 965
3917	Fiskeridirektoratet	01	Refusjonar og diverse inntekter		-374 400	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		-25 969 396	
5700	Inntektene i Folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift		-14 755 252	
<i>Sum inntektsført</i>				591 790 000	-658 873 134	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen **475 189 209**

Kapitalkontoar

-	Noregs Bank KK/innbetalingar		790 038 019
-	Noregs Bank KK/utbetalingar		-1 257 374 995
709411	Endring i mellomvære med statskassen		-7 852 233
<i>Sum rapportert</i>			0

	31.12.2022	31.12.2021	Endring
Mellomvære med statskassen	20 535 350	12 683 118	-7 852 233

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjar	Tildelinger for året	Samla tildeling
0904:01	14 583 000	404 206 000	418 789 000
0904:21	37 126 000	44 206 000	81 332 000
0904:45	114 891 000	62 091 000	176 982 000

0904:45 Løyvinga er delt mellom Brønnøysundregistera og NFD. Tildelinga for året her viser Brønnøysundregistera sin del.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutg. (-) / mindre-utgift	Meirutgift(-) / mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp berekna av BR
0904:01		19 600 458	19 600 458	0	19 600 458	20 210 300	19 600 458
0904:21	"kan overførast"	14 382 828	14 382 828	-3 545 965	10 836 863	79 029 000	10 836 863
0904:45	"kan overførast"	73 107 687	73 107 687	Ikkje aktuell	73 107 687		73 107 687

Mottatte belastingsfullmakter

Kapittel og post	Tildeling	Nytta	Mindreutgift	Merknad
0900:25	32 100 000	27 720 426	4 379 574	
0900:80	1 500 000	4 205 432	-2 705 432	
0900:85	670 000 000	464 275 488	205 724 512	
0540:25	5 192 541	3 394 764	1 797 777	Selskapsetablering offentleg-privat (Digital selskapsetablering)
0540:25	3 073 542	953 829	2 119 713	Forenkle innsamling og formidling av økonomisk informasjon for ENK
1400:21	5 000 000	5 000 000	0	Konseptstudie for digital marknadspllass i bionæringsane – BioDigSirk
1400:76	2 500 000	1 209 098	1 290 902	Konseptstudie for digital marknadspllass i bionæringsane – BioDigSirk

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastingsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)

Kapittel 3410:01 Domstolane, rettsgebyr. Verksemda har fullmakt til å føre gebyrinntekter knyttet til tvangsforetninger i tingrettane. Gebyrinntekta utgjer kr 7.110.482. Fakturering og innkrevjing av

gebyr for tvangsforskrifter er fra 1. januar 2022 overført til Domstoladministrasjonen, mens gebyr fakturert før denne datoer blir kravde inn av Brønnøysundregistra.

Kapittel 0900:25 Nærings- og fiskeridepartementet, Forvaltning av kompensasjonsordninga. Mindreforbruk under posten er kr 4.379.574. Det er påkomne kostnader som forfall til betaling i 2023 på ca. 1,0 MNOK. Vidare har det vore mindre kostnader hovudsakleg knytt til rettleiing enn det som var planlagt.

Kapittel 0900:80 Nærings- og fiskeridepartementet, Kompensasjonsordninga – innreisekarantene. Meirforbruk under posten utgjer kr 2.705.432. Overskrida er knytt til ein søknad om tilskot på kr 3.845.000. Basert på ein rapport utarbeidd av KPMG blei søknaden om tilskot avvist av Brønnøysundregistra. Men søkeren klaga på avslaget, og etter to rundar med klagebehandling og rapport frå PwC, vedtok Brønnøysundregistra 4. oktober å innvilge søknaden om tilskot.

Kapittel 0900:85 Nærings- og fiskeridepartementet, Kompensasjonsordninga - omsetningsfall. Mindreforbruk under posten utgjer kr 205.724.512 og kjem mellom anna av at det dei to siste månadene av kompensasjonsordninga var færre som søkte tilskot enn forventa.

Kapittel 0540:25 Digitaliseringsdirektoratet, Medfinansieringsordninga. Bruken er knytt til to prosjekt:

- 1) «Selskapsetablering offentleg privat», der bruken utgjer kr 3.394.764. Dette er kr 1.797.777 lågare enn fullmakta.
- 2) «Forenkla innsamling og formidling av økonomisk informasjon for enkeltpersonføretak», der bruken utgjer kr 953.829. Dette er kr 2.119.713 lågare enn fullmakta.

1400:21 Klima- og miljødepartementet. Bruken, kr 5.000.000 er knytt til oppfølging av strategien for sirkulær økonomi, bionæringane. Heile tildelinga er brukt.

1400:76 Klima- og miljødepartementet. Bruken, kr 1.209.098 er knytt til oppfølging av strategien for sirkulær økonomi, bionæringane. Det står att kr 1.290.902 av tildelinga.

Stikkord "kan overførast"

Brønnøysundregistra si løyving på kapittel [0904:21](#) Særskilde driftsutgifter og kapittel 0904:45 Større utstyrsskaffingar er gitt med stikkordet "kan overførast". Sjå omtalen nedanfor.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Verksemda har fullmakt til å overskride løyvingane under kapittel 0904:01 og 21 mot tilsvarende meirinntekter under kapittel 3904:02. Fullmakta blir disponert i samsvar med rundskriv R-110 frå Finansdepartementet. I 2022 er dette ei mindreinntekt samanlikna med inntektskravet, og verksemda må derfor rette seg etter ei lågare budsjetttramme med kr 3.545.965.

Kapittel 0904:01 Driftsutgifter. Brønnøysundregistra hadde mindreutgift i 2022 med kr 19.600.458. Verksemda søker overført 19. 600. 458 til 2023.

Mindreforbruket er mellom anna knytt til vakante stillingar som kjem av utfordringar med rekrutteringa. Samla utgjer dette 8,7 MNOK. Cybertryggingsprogrammet er forseinka mellom anna på grunn av forseinka anskaffing av tenesta «Security Operation Center», og utgiftene er 5,8 MNOK mindre enn planlagt. Vidare er det kome på kostnader i 2022 som forfall til utbetaling i 2023.

Kapittel 0904:21 Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*: Mindreutgift utgjer kr 14.382.828. Saman med mindreinntekt under kapittel 3904:02, kr 3.545.965, søker verksemda 10.836.863 overført til 2023.

Årsaka til mindreforbruket er forseinkinga i prosjektet Rett frå start med 5,6 MNOK og mindre kostnader i aktivitetar enn planlagt. Vidare er det kome på kostnader som forfall til utbetaling i 2023.

Kapittel 0904:45 Større utstyrskaffingar, *kan overførast*. Løyvinga blir nytta til ny registerplattform for Brønnøysundregistera. Mindreforbruket på kr 73.557.687 kjem av lågare timeforbruk enn planlagt, mellom anna fordi ein har prioritert arbeidet med kompensasjonsordninga for næringslivet. I tillegg har det vore vesentleg mindreforbruk knytt til maskinvare og lisensar. Løyvinga er delt mellom Brønnøysundregistera og NFD. Ein ber om at beløpet, med unntak av det som er utgiftsført av NFD, blir overført til 2023.

Artskontorrapportering

	31.12.2022	31.12.2021
Driftsinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Innbetalingar frå gebyr	-589 418 451	-704 475 832
Innbetalingar frå tilskot og overføringer	2 244 999	-9 847 434
Sals- og leigeinnbetalingar	-30 975 033	-33 363 487
Andre innbetalingar	0	0
<i>Sum innbetalingar frå drift</i>	-618 148 486	-747 686 753
Driftsutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Utbetalingar til lønn	297 198 615	289 035 292
Andre utbetalingar til drift	205 160 873	267 402 314
<i>Sum utbetalingar til drift</i>	502 359 488	556 437 606
<i>Sideutgifter – kunngjering</i>	0	0
<i>Sideutgifter – tvang-/gjeldsordningssaker</i>	0	0
Netto rapporterte driftsutgifter	-115 788 997	-191 249 148
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	-16 345	-6 601
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	-16 345	-6 601
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	105 920 854	71 121 007
Utbetaling til kjøp av aksjar	0	0
Utbetaling av finansutgifter	58 921	19 214
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	105 979 775	71 140 221
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	105 963 430	71 133 619
Innkrevjingsverksemde og andre overføringer til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	0	0
<i>Sum innkrevjingsverksemde og andre overføringer til staten</i>	0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		
Utbetalingar av tilskot og stønader	582 080 869	8 068 183 245
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</i>	582 080 869	8 068 183 245
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Inntekme på tidlegare nedskrivne fordringar	-204 759	-72 373
Gruppelivsforsikring	-514 800	-505 450
Tilbakebetaling tilskotsordningar*	-138 882 561	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	-14 755 252	-14 291 505
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	57 291 279	55 172 812
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	-97 066 093	40 303 485
Netto rapportert til løvingsrekneskapen	475 189 209	7 988 371 201

Oversikt over mellomvære med statskassen

Eigedelar og gjeld	31.12.2022	31.12.2021
Fordringar	55 938	-10 506
Kasse	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk	-12 606 932	-12 559 110
Skuldige offentlege avgifter	-156 915	-113 501
Asett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-7 827 441	0
Sum mellomvære med statskassen	-20 535 350	-12 683 118

*) Tilbakebetalingar på omlag 113,6 MNOK etter omgjering av tilskot for kompensasjonsordninga for omsetningsfall for året 2021 er ført mot tilskotsposten og ikkje som tilfeldig inntekt i 2022. Dette er korrigert i artskontorrapporteringa, men ikkje i løvvingsrapporteringa. I samsvar med den periodiserte rekneskapen utgjer utbetaling av tilskot for kompensasjonsordninga for omsetningsfall 571,2 MNOK (Note 13) og tilbakebetalingar for tilsvarende ordning relatert til utbetalingar i 2021 utgjer 144,4 MNOK (Note 12).

Rekneskapsprinsipp – Verksemderrekneskap avlagt i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Verksemderrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Transaksjonsbaserte inntekter

Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Endringar i SRS 10 som mellom anna dreier seg om inntekter frå løvingar, er innarbeidde og tatt omsyn til frå og med 2019-rekneskapen. Det inneber at verksemda har ei forenkla praktisering av prinsippet motsett samanstilling. Inntekt frå løvingar skal bereknast som differansen mellom kostnader for perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Konsekvensen av dette skal bli at resultatet av aktivitetane i perioden skal bli null. I og med at inntektene totalt sett overstig utgiftene og at verksemda ikkje kan føre negativ inntekt gir dette likevel eit resultat av aktivitetane i perioden.

Forenklinga inneber også at ein ikkje lenger set av til Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar (forpliktingsmodellen).

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som den tilhøyrande inntekta. Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at ein utfører aktivitetane.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Det er derfor ikkje gjort berekning eller avsetning for ei eventuell over-/underdekning i pensjonsordninga. Verksemda betaler pensjonspremie til SPK, jf. rundskriv R-118 Budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder frå Finansdepartementet. Pensjonspremien består av ein arbeidsgivardel som er hendingsbasert og verksemddsspesifikk, og ein medlemsdel på to prosent som blir løpande trekt frå den pensjonsgivande lønna til dei tilsette.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte den forenkla metoden i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eidedalar som verksemda disponerer. Med varig meiner vi ei levetid på 3 år eller meir. Med vesentleg meiner vi enkeltståande anskaffingar (kjøp) med anskaffingskost på kr 50 000 eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskost med avskrivingar trekte frå. Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med ei levetid på 3 år eller meir er balanseført som eigne grupper. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved bruksendring, dersom den verkeleg verdien er lågare enn den balanseførte verdien.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter til bruk av eigne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare er også balanseført.

Investeringar i aksjar og andelar

Verksemda har ikkje aksjar eller andelar.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Dei andre postane er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opp takstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar driftsmateriell som blir nytta i eller som utgjer ein integrert del av den alminnelege tenesteytinga til verksemda. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Kundefordringane består av svært mange relativt små fordringar. Ein vurderer derfor ikkje kvar enkelt fordring individuelt når ein gjer avsetning til tap, men vurderer avsetninga til ein prosentdel av dei samla fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsvaluta er vurderte til kurser ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Bank sin spotkurs per 31.12. lagt til grunn.

Staten sin kapital

Staten sin kapital utgjer nettobeløpet av eidedalar og gjeld i verksemda, og framgår i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Brutto budsjettet verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassen.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet. Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som skal reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten. Statlege verksemder kjem inn under konsernkontoordninga i staten. Konsernkontoordninga inneber at ein dagleg gjer opp alle innbetalingar og utbetalingar mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank. Verksemda får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank ved overgangen til eit nytt rekneskapsår.

Verksemldrekeskapen

Resultatrekneskap

Tal i heile 1000

	Note	31.12.2022	31.12.2021
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	0	0
Inntekt frå tilskot og overføringer	1	0	9 847
Inntekt frå gebyr	1	595 496	705 504
Sals- og leigeinntekter	1	32 919	26 885
Andre driftsinntekter	1	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>		628 415	742 236
Driftskostnader			
Varekostnader			
Lønnskostnader	2	236 060	236 496
Avskrivningar på varige driftsmidlar og immaterielle eidedalar	3,4	46 331	44 240
Nedskrivningar av varige driftsmidlar og immaterielle eidedalar	3,4	0	0
Andre driftskostnader	5	204 692	260 021
<i>Sum driftskostnader</i>		487 082	540 757
Driftsresultat		141 333	201 479
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	-16	-7
Finanskostnader	6	59	19
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-42	-13
Resultat av aktivitetar i perioden		141 291	201 466
Avrekningar og disponeringar			
Avrekning med statskassen (bruttobudsjeterte)	7	141 291	201 466
<i>Sum avrekningar og disponeringar</i>		141 291	201 466
Innkrevjingsverksem og andre overføringer til staten			
<i>Sum innkrevjingsverksem og andre overføringer til staten</i>	12	-144 409	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Tilskot til andre	13	575 561	8 060 480
Avrekning med statskassen tilskotsforvaltning	7	575 561	8 060 480
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</i>		0	0

Balanse

Tal i heile 1000

	Note	31.12.2022	31.12.2021
EIGEDELAR			
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar	3	415 104	431 597
Immaterielle egedelar under utføring	3	258 507	134 974
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		673 610	566 571
II Varige driftsmidlar			
Tomter, bygningar og annan fast eiedom	4	0	0
Maskiner og transportmiddel	4	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	36 094	21 665
Anlegg under utføring	4	0	0
Infrastrukturegedelar	4	0	0
<i>Sum varige driftsmidlar</i>		36 094	21 665
III Finansielle anleggsmidlar			
<i>Sum finansielle anleggsmidlar</i>		0	0
Sum anleggsmidlar		709 704	588 236
B. Omløpsmidlar			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell			
<i>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</i>		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	8	100 536	81 217
Opprente, ikkje fakturerte inntekter	9	931	1 369
Andre fordringar	10	22 758	13 997
<i>Sum fordringar</i>		124 225	96 584
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
<i>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</i>		0	0
Sum omløpsmidlar		124 225	96 584
Sum egedelar		833 929	684 820

Balanse

Tal i heile 1000

	Note	31.12.2022	31.12.2021
STATEN SIN KAPITAL OG GJELD			
C. Staten sin kapital			
I Verksemndskapital			
<i>Sum verksemndskapital</i>		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	745 917	611 590
<i>Sum avrekningar</i>		745 917	611 590
Sum staten sin kapital		745 917	611 590
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Avsetninger langsiktige forpliktingar			
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</i>		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8 442	2 524
Skuldig skattetrekk		12 607	12 559
Skuldige offentlege avgifter		2 557	4 489
Avsette feriepengar		28 365	27 183
Mottatt forskotsbetaling	9	892	4 146
Anna kortsiktig gjeld	11	35 149	22 329
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		86 641	73 230
Sum gjeld		88 012	73 230
Sum staten sin kapital og gjeld		833 929	684 820

Note 1 Driftsinntekter

Tal i hele 1000

	31.12.2022	31.12.2021
Inntekt frå løyvingar	0	0
Sum inntekt frå løyvingar	0	0
Inntekt frå tilskot og overføringer		
Tilskot frå EU	0	1 632
Andre tilskot og overføringer	0	8 215
Sum inntekt frå tilskot og overføringer	0	9 847
Inntekt frå gebyr 3904 01		
Firmaregistrering	238 354	266 315
Registerinformasjon	11 997	11 615
Tinglysing	341 728	343 630
AltBas-inntekter	970	1 268
Tilfeldige inntekter	194	72
Akvakulturregisteret	1 320	525
Tvangsforretning	933	81 253
Opptent, ikkje fakturert gebyr	0	826
Sum inntekt frå gebyr	595 496	705 504
Sals- og leigeinntekter		
Oppdragsinntekter 3904 02	32 919	26 885
Sum sals- og leigeinntekter	32 919	26 885
Andre driftsinntekter		
Gevinst ved avgang anleggsmidlar	0	0
Sum andre driftsinntekter	0	0
Sum driftsinntekter	628 415	742 236

Inntekter tvangsforretning

Fakturering og innkrevjing av gebyr for tvangsforretningar er frå 1. januar 2022 overført til Domstoladministrasjonen, mens gebyr fakturert før denne datoен blir kravde inn av Brønnøysundregistera. Dette er i hovudsak grunnlaget for reduksjonen i inntekter samanlikna med 2021.

Note 2 Lønnskostnader

Tal i heile 1000

	31.12.2022	31.12.2021
Lønn	239 894	227 384
Feriepengar	29 579	28 115
Arbeidsgivaravgift	12 780	14 466
Pensjonskostnader	22 394	28 233
Sjukepengar og andre refusjonar	-11 255	-9 646
Andre ytingar	4 680	4 020
Balanseført lønn	-62 012	-56 075
Sum lønnskostnader	236 060	236 496

Talet på årsverk:

412,0

408,0

[Balanseført lønn](#)

Det er balanseført lønnskostnader for eigenutvikling av programvare. Dette er i all hovudsak immaterielle eidedelar under utføring.

[Arbeidsgivaravgift](#)

Grunnlaget for auken i arbeidsgivaravgift er ei korrigering i for mykje avsett arbeidsgivaravgift på feriepengar tidlegare år.

[Pensjonskostnader](#)

Verksemda betaler pensjonspremie til SPK, jf. rundskriv R-118 Budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder frå Finansdepartementet. Pensjonspremien består av ein arbeidsgivardel som er hendingsbasert og verksemddsspesifikk, og ein medlemsdel på to prosent som blir løpande trekt frå den pensjonsgivande lønna til dei tilsette. Reduserte pensjonskostnader samanlikna med 2021 kjem av omlegginga i verksemddsspesifikk arbeidsgivardel.

Note 3 Immaterielle eidedelar

Tal i heile 1000

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle eidedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.2022	431 597	134 974	566 571
Tilgang i 2022	13 060	128 813	141 873
Avgang anskaffingskost i 2022 (-)	0	- 5 281	- 5 281
Frå immaterielle eidedelar under utføring til anna gruppe i 2022	5 281		5 281
Anskaffingskost 31.12.2022	449 938	258 507	708 444
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2022	0	0	0
Nedskrivingar/avhending i 2022	0	0	0
Akkumulerte avskrivingar 01.01.2022	0	0	0
Ordinære avskrivingar i 2022	34 834	0	34 834
Akkumulerte avskrivingar avgang i 2022(-)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2022	415 104	258 507	673 610

Avskrivingssatsar (levetider)	5-15 år lineært	Inga avskriving
Avhending av immaterielle eidedelar i 2022		
Salssum ved avgang anleggsmiddel		
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel		
= Rekneskapsmessig tap	0	0

Immaterielle eidedelar vurderer vi kvart år for å sikre at avskrivingsmetoden og avskrivingsperioden vi bruker, er i samsvar med utnyttbar levetid. Tilsvarande gjeld for utrangeringsverdi. Dersom det er indikasjonar på verdifall, estimerer vi beløpet som kan gjenvinnast for eidedelen. Dei immaterielle eidedelane er enten erverva eller utvikla internt. Ekstern og intern bistand til utviklingsarbeid knytt til innføring eller vesentleg oppgradering av programvare, mellom anna tilpassing av standardsystem, blir aktivert som immaterielle eidedelar. Avskriving er inkludert i rekneskapslinja Driftskostnader.

Note 4 Varige driftsmidlar

Tal i heile 1000

	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01.2022	21 665	21 665
Tilgang i 2022	25 925	25 925
Avgang anskaffingskost i 2022 (-)	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i 2022	0	0
Anskaffingskost 31.12.2022	47 590	47 590
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2022	0	0
Nedskrivingar i 2022	0	0
Akkumulerte avskrivingar 01.01.2022	0	0
Ordinære avskrivingar i 2022	11 496	11 496
Akkumulerte avskrivingar avgang i 2022 (-)	0	0
Balanseført verdi 31.12.2022	36 094	36 094

3–15

år

lineært

Avskrivingssatsar (levetider)

Avhending av varige driftsmiddel i 2022:

Salssum ved avgang anleggsmiddel

- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel

= Rekneskapsmessig gevinst/tap

0

Anlegg og utstyr vurderer vi kvart år for å sikre at avskrivingsmetoden og avskrivingsperioden vi bruker, er i samsvar med utnyttbar levetid. Tilsvarande gjeld for utrangeringsverdi. Dersom det er indikasjonar på verdifall, estimerer vi beløpet som kan gjenvinnast for eidedelen. Anlegg og utstyr blir avskrivne lineært over estimert utnyttbar levetid.

Note 5 Andre driftskostnader

Tal i heile 1000

	31.12.2022	31.12.2021
Husleige	57 198	33 978
Vedlikehald og ombygging av leide lokale	470	1 122
Andre kostnader til drift av eideidom og lokale	3 401	3 966
Leige av maskiner, inventar og liknande	33 254	25 637
Mindre utstyrsskaffingar	3 956	5 063
Reparasjon og vedlikehald	3 832	4 567
Kjøp av konsulenttenester	65 521	57 559
Kjøp av andre framande tenester	1 356	4 591
Reiser og diett	5 697	2 282
Tap og liknande	-35	1 140
Andre driftskostnader	30 040	120 116
Sum andre driftskostnader	204 692	260 021

Husleige

Auken i husleige kjem av at verksemda i 2022 har fått heilårseffekt av husleige i nytt bygg i Brønnøysund.

Leige maskiner, inventar og liknande

Auken fra 2021 til 2022 kjem i hovudsak av auka lisenskostnader og leige av maskinvare i følge med ny teknisk plattform, i tillegg til oppgradering av infrastruktur.

Kjøp av konsulenttenester

Auken fra 2021 kjem mellom anna av auken i kostnader til drift av den tekniske plattforma, auka kostnader til informasjonstryggleik, og dessutan kostnader til prosjekt BioDigSirk.

Reiser og diett

Auken i reisekostnader kjem av bortfallet av koronarestriksjonar i samfunnet. Vidare er det vesentlege auka kostnader knytte til flyreiser og overnatting, og dessutan det endra rutemønsteret til Widerøe som fører til auka kostnader. Auken i reisekostnader er i hovudsak knytt til prosjekt.

Andre driftskostnader

Reduksjonen kjem av at verksemda frå og med 01.01.2022 ikkje lenger betaler utgifter på vegner av namsmyndighetene. For 2021 utgjorde dette kr. 91 174'.

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar

Type egedel	Immaterielle egedeler	Tomter, bygningar og annan fast eігedом	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	Infrastrukturregedeler	Sum
Varighet inntil 1 år	0	0				0
Varighet 1–5 år	7 445	970			1 980	10 395
Varighet over 5 år	0	60 735				63 735
Kostnadsført leigebetaling for perioden	0	0	0	0	0	74 130

Verksemda har leigeavtale på tomter, bygningar, osv. med varighet 1–5 år: 970 00 Narvik, inkl. felleskostnader, leigeavtalen blir fornya annakvart år.

Verksemda har leigeavtale på tomter, bygningar, osv. med varighet over 5 år: 63 735 000 Havnegata og GW9, med fråtrekk av inntekt frå Digdir, inkl. felleskostnader.

Verksemda har leigeavtalar på infrastruktureigedeler med varighet 1–5 år: 1 980 000 leige møblar o.a. i Havnegata.

Verksemda har leigeavtalar med varighet på 1–5 år knytt til programvare, den årlege leigekostnaden er kr 7.444.562.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader

Tal i heile 1000

	31.12.2022	31.12.2021
Finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst (agio)	-16	-7
Utbytte frå selskap	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum finansinntekter	-16	-7
Finanskostnader		
Rentekostnad	31	10
Nedskrivning av aksjar	0	0
Valutatap (disagio)	28	9
Annan finanskostnad	0	0
Sum finanskostnader	59	19

Note 7A Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

Tal i hele 1000

A) Forklaring til at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2022	31.12.2021	Endring*
Avrekna med statskassen i balansen	745 917	611 590	134 327

Årsaka til at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg tar ein omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta av verksemda, og transaksjonar som ikkje dreier seg om ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassen i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.

Tall i hele 1000

Konsernkonto utbetaling (1940)	-1 257 375
Konsernkonto innbetaling (1930)	790 038
Netto trekk konsernkonto	-467 337
- Innbetaling innkrevingsvirksomhet og andre overføringer	-144 409
+ Utbetaling tilskuddsforvaltning og andre overføringer	575 561
+ Inntektsført fra bevilgning (underkonto 1991 og 1992)	0
- Gruppeliv/arbeidsgiveravgift (underkonto 1985 og 1986)	-15 270
+ Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift (underkonto 1987)	58 419
- Tilbakeførte utsatte inntekter ved avgang anleggsmidler, der avsetningen ikke er resultatført (underkonto 1996)	0
Korrigering av avsetning for feriepenger (ansatte som går over i annen statlig stilling)	0
- Saldo Sparebanken (1941)	0
Endring 1990	0
 <i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>	 6 964
 Resultat av periodens aktiviteter før avregning med statskassen	 141 291
Sum endring i avregnet med statskassen*	134 327

Tall i hele 1000

Konsernkonto utbetaling (1940)
Konsernkonto innbetaling (1930)
Netto trekk konsernkonto
- Innbetaling innkrevingsvirksomhet og andre overføringer
+ Utbetaling tilskuddsforvaltning og andre overføringer
+ Inntektsført fra bevilgning (underkonto 1991 og 1992)

- Gruppeliv/arbeidsgiveravgift (underkonto 1985 og 1986)
 - + Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift (underkonto 1987)
 - Tilbakeførte utsatte inntekter ved avgang anleggsmidler, der avsetningen ikke er resultatført (underkonto 1996)
 - Korrigering av avsetning for feriepenger (ansatte som går over i annen statlig stilling)
 - Saldo Sparebanken (1941)
- Endring 1990

Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto

Resultat av periodens aktiviteter før avregning med statskassen

Sum endring i avregnet med statskassen*

*Sum endring i avregnet med statskassen skal stemme med sum i endringskolonnen ovenfor.

*Sum endring i avrekna med statskassen skal stemme med sum i endringskolonnen ovanfor.

Note 7B Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

B) Skilnaden mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

Tal i hele 1000

	31.12.2022	31.12.2022	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellanvære med statskassen	Skilnad
Immaterielle eidegar, varige driftsmidlar og finansiering av desse			
Immaterielle eidegar	673 610	0	673 610
Varige driftsmidlar	36 094	0	36 094
Staten si finansiering av immaterielle eidegar og varige driftsmidlar	0	0	0
Sum	709 704	0	709 704
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	0	0	0
Kundefordringar	100 536	0	100 536
Opprente, ikkje fakturerte inntekter	931	0	931
Andre fordringar	22 758	56	22 702

Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	124 225	56	124 169
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Avsetninger langsiktige forpliktingar	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	8 442	0	8442
Skuldig skattetrekk	12 607	12 607	0
Skuldige offentlege avgifter	2 557	157	2400
Avsette feriepengar	28 365	0	28 365
Mottatt forskotsbetaling	892	0	892
Anna kortsiktig gjeld	35 149	0	35 149
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	0	7 827	0
Sum	88 012	20 591	75 248
Sum	745 917	20 535	-725 381

Note 8 Kundefordringar

Tal i heile 1000	31.12.2022	31.12.2021
Kundefordringar til pålydande	104 245	84 961
Avsett til forventa tap	-3 709	-3 744
Sum kundefordringar	100 536	81 217

Kundefordringar

BR reknar kreditt- og likviditetsrisikoen knytt til fordringar overfor kundane våre for å vere låg, då det i hovudsak dreier seg om heller små enkeltbeløp per kunde. Det er gjort avsetninger for eventuelle tap på krav. Innkrevjing av forfalne krav blir utført av inkassoselskapet Lowell.

Avsett til forventa tap

Avsetning til forventa tap er gjort på grunnlag av bokført tap dei siste 4 år i gjennomsnitt.

Note 9 Opptente, ikkje fakturerte inntekter / mottatt forskotsbetaling

Tal i heile 1000

Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)

	31.12.2022	31.12.2021
Opptent inntekt	931	1369
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	931	1369

Mottatt forskotsbetaling (gjeld)

31.12.2022 31.12.2021

Ikkje opptent inntekt	892	4146
Sum mottatt forskotsbetaling	892	4146

Opptent, ikkje fakturert inntekt

Beløpet for 2021 er knytt til registervedtak i desember 2021 fakturert i januar 2021. Ingen ikkje-fakturerte registervedtak per 31.12.2022 kjem av at nytt rekneskapsår i rekneskapssystemet fall på den same dagen som faktureringen blei gjort, derfor er det ingen uteståande bilag.

Saldo 31.12.2022 består av arbeid på prosjekt Nordic Smart Government og våpenregister som ikkje er fakturert.

Mottatt forskotsbetaling (gjeld)

Beløpet er knytt til tilskot til prosjektet STIRdata, og redusert med arbeid som er utført på prosjektet. Posten bestod per 31.12.2021 av tilskot til både STIRdata og BRIS3. Midla til BRIS3 er per 31.12.2022 nytta.

Note 10 Andre kortsiktige fordringar

Tal i heile 1000	31.12.2022	31.12.2021
Forskotsbetalt lønn	0	0
Reiseforskot	0	0
Personallån	56	0
Andre fordringar på tilsette	0	0
Forskotsbetalt leige	0	0
Andre forskotsbetalte kostnader	21 826	13 127
Andre fordringar	876	870
Sum andre kortsiktige fordringar	22 758	13 997

Andre forskotsbetalte kostnader

Andre forskotsbetalte kostnader gjeld lisens, abonnement som er betalt i 2022, men varigheita strekker seg utover 2022.

Andre fordringar

Andre fordringar er uteståande sjuke- og foreldrepengar.

Note 11 Anna kortsiktig gjeld

Tal i heile 1000	31.12.2022	31.12.2021
Skuldig lønn	0	0

Anna gjeld til tilsette	17 554	15 881
Påkomne kostnader	9 768	6 448
Avstemmingsdifferansar ved rapportering til statsrekneskapen	0	0
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	7 827	0
Anna kortsiktig gjeld	0	0
Sum anna kortsiktig gjeld	35 149	22 329

Anna gjeld til tilsette

Gjeld opparbeidd ikkje avvikla fleksitid og reisetid

Påkomne kostnader

Påkomne kostnader gjeld faktura mottatt januar 2023 på kostnader som høyrer til rekneskapen for 2022. Desse er periodiserte inn i 2022 i samsvar med rundskriv R-115 avsnitt 4.1 frå Finansdepartementet

Note 12 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer frå staten

Tal i heile 1000	31.12.2022	31.12.2021
Kompensasjonsordningar	-144 409	0
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassen	-144 409	0

Gjeld tilbakebetalingar etter omgjering av tilskot for kompensasjonsordningar for året 2021.

Note 13 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

Tal i heile 1000	31.12.2022	31.12.2021
Mellombels kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall som følge av koronapandemien	571 209	7 815 508
Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandske arbeidskraft	4 352	244 972
Sum tilskot til andre	575 561	8 060 480



		Lønnforskjellar Kvinnene sin del av mennene si lønn oppgitt i prosent		Kontante ytingar		Naturalytingar		Mellombels tilsette prosent av alle tilsette		
		Kvinner	Menn	Månadslønn	Uregelmessig tillegg	Overtid	Bonus	skattepliktige naturalytingar	Kvinner	Menn
Totalt	243	193	94,4 %	31,7 %	73,3 %			53,2 %	2,1 %	2,5 %
Avdelingsdirektør	3	2	96,6 %					220,1 %		
Fagdirektør	0	6						0,0 %		
Underdirektør	5	8	97,1 %	11,2 %	23,3 %			81,7 %		
Seniorrådgivar/prosjektleiar	58	78	94,6 %	26,8 %	66,7 %			41,5 %		
Kontorsjef	5	2	95,3 %	260,8 %	64,5 %			191,7 %	0,2 %	
Rådgivar	62	56	99,6 %	58,3 %	120,7 %			35,1 %	0,2 %	
Førstekonsulent	85	32	100,7 %		90,9 %			242,1 %	0,2 %	0,9 %
Konsulent/Førstesekretær	18	9	110,0 %		159,9 %			241,8 %	1,1 %	1,6 %
Reinholdar	7	0						0,0 %	0,2 %	